



HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPROGRAM 2018-2021

**ÅRSBUDSJETT
2018
ØKONOMIPLAN 2019-2021
Kommentarar og tal**



**Kommunestyret sitt vedtak
PS 92/17 i kommunestyret 19.12.17**
- Vedtaksheftet viser den politiske handsaming og endelig vedtak -

Innhold

| | | |
|------|--|----|
| 1 | Rådmannen si innleiing: | 3 |
| 1.1 | Kommunen som samfunnsutviklar:..... | 8 |
| 1.2 | Kommunen som tenesteprodusent:..... | 11 |
| 1.3 | Kommunen som arbeidsgjevar:..... | 13 |
| 1.4 | Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:.. | 13 |
| 1.5 | Rådmannen sine framlegg til tiltak..... | 14 |
| 2 | Samanlikningstal | 15 |
| 2.1 | Kostra analyse: | 15 |
| 2.2 | Finansielle nøkkeltal..... | 15 |
| 2.3 | Demografi og folketal: | 17 |
| 2.4 | Hovudprioriteringar:..... | 19 |
| 3 | Økonomiske perspektiv | 21 |
| 3.1 | Finans | 21 |
| 3.2 | Eigedomsskatt..... | 22 |
| 3.3 | Statsbudsjettet | 23 |
| 3.4 | Finansiering av kommunesektoren..... | 23 |
| 4 | Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2017 – 2020 – DRIFT | 25 |
| 4.1 | Driftsbudsjett | 25 |
| 5 | Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 – investering | 31 |
| 5.1 | Investeringsbudsjett | 31 |
| 6 | Sektor for sentraladministrasjonen | 35 |
| 6.1 | Sektorstruktur..... | 35 |
| 6.2 | Årsverk og driftstiltak | 36 |
| 6.3 | Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring og kontroll | 37 |
| 6.4 | Overordna målsettingar..... | 39 |
| 7 | Sektor for læring og kultur | 40 |
| 7.1 | Sektorstruktur..... | 40 |
| 7.2 | Årsverk og driftstiltak | 40 |
| 7.3 | Investeringar | 42 |
| 7.4 | Overordna målsettingar..... | 42 |
| 8 | Sektor for velferd | 44 |
| 8.1. | Sektorstruktur..... | 44 |
| 8.2 | Årsverk og driftstiltak | 45 |
| 8.3 | Investeringar | 46 |
| 8.4 | Overordna målsettingar..... | 47 |
| 8.5 | Oversikt over einingane i sektor for velferd | 47 |
| 9 | Sektor for samfunnsutvikling..... | 50 |
| 9.1 | Sektorstruktur..... | 50 |

Handlingsprogram 2018 - 2021

| | | |
|-----|-------------------------------|----|
| 9.2 | Årsverk og driftstiltak | 51 |
| 9.3 | Investeringar | 54 |
| 9.4 | Overordna målsettingar | 61 |

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING:

Med 2018 tek Hareid kommune dei første stega mot ei framtid på eigne bein, der ei vesenteg oppgåve vert å bygge musklar for å kunne halde seg ute av Robek. Det er eit nøkternt budsjett med tanke på at drifta er kraftig nedjustert etter mange år i fylkesmannens hule hand. Det er eit budsjett med ein del spørsmålsteikn, eller veival med tanke på kor stor risikovilje vi skal satse på når det gjeld investering kontra drift. Er bygging og drift av fotballhall ei kommunal oppgåve..? Kor stort helsehus har vi råd til å bygge ? Det er viktig å gi seg tid til viktige refleksjonar saman om kvar vi skal legge lista. Og kva konsekvensar det får om vi legg den akkurat der. Kor stor margin skal vi ha !?

Sist, men ikkje minst er dette eit ekspansivt budsjett der gode tiltak for Hareidsamfunnet har funne sin plass. Kultur, folkehelse- og samfunnsperspektivet står sentralt. Det same gjer bulyst og bedriftsutvikling. Med dette budsjettet får vi starte på sentrumsutviklinga og skape møteplassar, og vi gir barnevernet meir tid til å førebygge i staden for å kome inn langt ute i prosessen. Vi legg vekt på å legge til rette for den nye tida der digitalisering er meir vanleg enn uvanleg. Og etter mange år med tørke på kompetanseutvikling, er det fint å kunne legge til sider litt pengar til at personalet saman får utvikle seg i felles retning for at kommunen skal nå måla til det beste for innbyggjarane. Vi får starte på arbeid i kyrkja, og mykje meir..

God lesnad !



Hareid – ein del av verden


I perspektivmelding 2017 (meld.St.29) viser regjeringa framtidstru med å peike på at utgangspunktet er godt og at Norge er godt rusta til å møte framtida. Landet vårt har mange som tek del i arbeidslivet, vi har store naturressursar, ein kompetent arbeidsstyrke og solide statsfinansar. Vår velstand er bygd på handel med omverden. Velferdsmodellen har tent oss vel. Men nye utfordringar krev nye svar og kloke vegval. Omstillinga kan ikkje vente, og næringslivet må stadig endre verksemda frå det som ikkje er lønsamt, til det som til ei kvar tid er det. Ein liten open økonomi som Norge er sårbar for uro i verden rundt oss. Klimaendringane vil gi oss store utfordringar og føre til endra rammevilkår for norsk næringsliv.

Ein velfungerande offentleg sektor er eit fundament i den norske velferdsstaten, og spørsmålet vert korleis vi kan løyse dette i tida som kjem. Det er varsla langt strammare handlingsrom i finanspolitikken dei neste 10-15 åra. Inntektene må opp eller utgiftene ned. Vi får ei eldre befolkning og færre som skal bære byrdene. Digitalisering og automatisering skal avhjelpe behovet for arbeidskraft. Vi er på full fart inn i framtida, i eit kunnskapssamfunn der det som var moderne i går vert umoderne i morgen.

Regjeringa har ein strategi for ein berekraftig offentleg sektor som går på dette:

- Strengare prioritering. Det handlar om at det offentlege ikkje kan gjere alt. Om både å gjere dei rette tinga og prioritere dei rette tinga
- God styring. Her er god leiing og effektiv ressursbruk sentralt. Det same er god utgreiing og gjennomføring med klare rammer.

- Fornuftig fordeling av oppgåver. Mellom offentleg og privat sektor. Mellom innbyggjarar og det offentlege, stat og kommune. Nutte den teknologiske utviklinga til å legge til rette for at den enkelte kan ta ansvar for eige liv innanfor trygge rammer
- Lære av andre. Av privat sektor, andre offentlege verksemder, ha resultatmålingar og drive nettverkssamarbeid
- Utnytte mulighetene som ligg i digitalisering. Bruke verktøy til automatisering av oppgåver. Hente ut gevinst på ein systematisk måte
- Strukturreformer. Det skal leggast til rette for nødvendige strukturreformer i offentleg sektor. Effekt og tiltak skal evaluerast meir systematisk



Norge er ein del av verden, og Hareid er ein del av vestlandsregionen. Vi er gjensidig avhengige av omlandet, på same måte som vi innad i kommunen er avhengig av å skape noko saman for å gjere det optimale av vårt vesle samfunn. I takt med skiftande samfunnsutvikling er kommunen i ferd med å endre si rolle. Dette er godt skildra i bildet der vi ser ei utvikling frå kommunen som formyndar som veit best og fortel deg korleis ting skal vere, til servicekommunen der det meste er forventa av det offentlege, til eit samspel mellom likeverdige partar som skal drifta lokalsamfunnet saman.

Rådmannen meiner at regjeringa sin strategi for ein berekraftig offentleg sektor vil vere ein farbar veg for å kome dit. Strategien er samanfallande for mykje av arbeidet som må gjerast i utviklinga av Hareid kommune gjennom omstillingsprosjektet LOSEN 2025.

Om ein ser på stikkorda for ein berekraftig offentleg sektor, kan det direkte nyttast i vår kommune:

- Strengare prioritering. Det handlar om at det offentlege ikkje kan gjere alt. Om både å gjere dei rette tinga og prioritere dei rette tinga. Her må vi legge vekt på kva som er kommunale og private oppgåver, og bidra til ei forventningsavklaring.
- God styring. Her er god leiing og effektiv ressursbruk sentralt. Det same er god utgreiing og gjennomføring med klare rammer. Vi går over til ein ny organisasjonsmodell som legg godt grunnlag for dette
- Fornuftig fordeling av oppgåver. Mellom offentleg og privat sektor. Mellom innbyggjarar og det offentlege, stat og kommune. Nutte den teknologiske utviklinga til å legge til rette for at den enkelte kan ta ansvar for eige liv innanfor trygge rammer. Fleire av tiltaka i budsjettet legg grunnlag for denne utviklinga.
- Lære av andre. Av privat sektor, andre offentlege verksemder, ha resultatmålingar og drive nettverkssamarbeid. Dette ligg sentralt i kommunen sitt omstillingsprosjekt.
- Utnytte mulighetene som ligg i digitalisering. Bruke verktøy til automatisering av oppgåver. Hente ut gevinst på ein systematisk måte. Også ein del av vår strategi.
- Strukturreformer. Det skal leggast til rette for nødvendige strukturreformer i offentleg sektor. Effekt og tiltak skal evaluerast meir systematisk. Lokalt har vi endra vår organisasjonsmodell, og vi skal leie systematisk etter kvalitetshjulet (PUKK= planlegge-utføre-kontrollere-korrigere)

Mot ei ny tid, på eigne bein utan ROBEK

Etter 14 lange år vert 2018 kommunen sitt første budsjettår ute av ROBEK – registeret. Bak oss ligg år med sterkt fokus på økonomi med sparing som utgangspunkt. Organisasjonen og lokalsamfunnet har opplevd det som å ligge mykje på vent desse åra. Det har vore sterkt fokus på å dekke inn tidlegare driftsunderskot, med tilnærma stillstand når det gjeld nye drifts- og investeringstiltak. Kommunen driv svært effektivt på dei fleste fagområde, og skal framleis ha fokus på det. Men behova er mangfaldige, etterslepet er stort og forventningane mange. Dette både i folket, politisk og hos dei tilsette.

I tråd med kommunelova sitt krav leverer rådmannen eit saldert budsjett i balanse. Det har vore ein svært krevjande budsjettprosess. For ei kommune som har så marginale budsjettrammer og eit lite driftsfond, vert det ekstra utfordrande å planlegge for ei berekraftig og framtidssretta drift.

Bakgrunn for økonomiske rammer

Utanom dei tre byane Ålesund, Molde og Kristiansund er det berre Vestnes kommune som har mindre i frie inntekter pr. innbyggjar enn Hareid i vårt fylke. Samanlikna med nabokommunane kom kommunen likevel bra ut i rammeoverføringane frå 2018.

Fallet i oljeprisen som starta sommaren 2014, har påverka arbeidsmarknaden. Kommunane i den maritime klynga er hardt råka, og vår kommune er sterkt ramma av nedlegging av arbeidsplassar. Også innanfor andre område enn det maritime.

Med desse føresetnadane er kommunen avhengig av å skape lokale inntekter. Det var ei målsetting å fjerne eigedomsskatten etter ein kom ut av Robeklista, men rådmannen ser ikkje at dette er mulig om ein skal oppretthalde dagens driftsnivå samstundes som ein får gjennomført prioriterte investeringstiltak. Gode og nødvendige tiltak står i kø, og om ein skal få gjennomføringsevne og bærekraft må ein auke eigedomsskatten.

Kommunen ligg i nedste del av skalaen blant dei kommunane som har innført eigedomsskatt. Hareid kommune har ein skattesats på 2 promille, og eit folketal på 5 165 per 2. kvartal 2017. Dette gir eit gjennomsnitt på 1 284 kroner pr. innbyggjar. Hvaler er den kommunen som med sine 7850 kroner pr. innbyggjar hadde høgast eigedomsskatt i Norge pr. 31.08.17. (kjelde kommunal rapport). På andre plass er Hol kommune med 4847, og dei påfølgande kommunane ligg tett opp under dette. Inntektpotensialet er dermed på langt nær henta ut. Pr. i dag kan eigedomsskattesatsen aukast med maks 2 promillepoeng per år. I statsbudsjettet vert det foreslått at denne grensa vert redusert til 1 promille pr. år, men dette trer eventuelt ikkje i kraft før skatteåret 2019.

Tenestenivå og økonomisk bærekraft er gjensidig avhengig av kvarandre. Ifølge fylkesstatistikken reknar ein med at Hareid vil få eit folketal på 5 692 innbyggjarar i 2030. Dette er ein auke på 9,7 % som er over fylkessnittet på 9,5 %. Auken skyldast innvandring. Ulstein er til samanlikning venta å få ei befolkning på 10 193, noko som utgjer ein vekst på 20,9 %. For Hareid er det rekna ut at vi får 2,9 personar i arbeidsfør alder for kvar pensjonist i 2030. Ulstein får 3,9.

Kommunen er ein stor tenesteprodusent, og dei tre store områda er innanfor tenestene barnehage, grunnskule og pleie- og omsorg. Når det gjeld behov for tal på årsverk innanfor desse tenestene vil det vere ein svak, men knapt merkbar nedgang i barnehage. Det vert stabilt for grunnskulen, og ein stor auke i pleie- og omsorg. Behovet er rekna frå 115 årsverk i 2020 til 169 i 2040. For Ulstein aukar behovet for årsverk innanfor alle aldersgruppene. Elles er utviklinga i nabokommunane mest på linje med Hareid, med unntak av Vanylven som skil seg ut med ekstra stor fråflytting og stor andel eldre.

Nytt av året

1. Kommunen starter året med ny organisasjonsmodell og budsjettet er lagt i tråd med den nye modellen. I prosessen har vi lagt vekt på å følgje råda i kommunekompasset om ei meir sentralisert ressursforvaltning, og alle sektorane har no fått ein rådgjevarfunksjon mot

kommunalsjefen. Velferd hadde dette frå før, sektor for læring og kultur har omprioriterert midlar innanfor eiga ramme, og rådgjevar for rådmannen har endra funksjon til rådgjevar i sektor for samfunnsutvikling. Rådmannen har på si side fått ein assisterande rådmann, som også er leiari for stab/støttefunksjonen.

2. Prosjekt Losen 2025 vert sentralt dei komande åra. Kommunekompasset er verktøykassa som skal hjelpe Hareid kommune til å ta dei rette vala for å best mulig kunne møte morgondagen sine utfordringar
3. SSIKT avsluttar vertskommunesamarbeidet med Hareid og går ut som eige selskap. Det nye selskapet kjøper økonomi og personaltenester frå Hareid kommune.
4. Branntenesta vert lagt inn i vertskommunesamarbeid med Ulstein der Ulstein er vertskommune
5. Det vert samanslåing av NAV-kontora i Hareid og Ulstein, der Hareid vert vertskommune
6. Hareid, Ulstein og Herøy har hatt eit samarbeid om landbrukskontor. Frå nyttår vert dette organisert som eit vertskommunesamarbeid der Herøy har vertskommuneansvar

Sentrale føringar

Fornye, forenkle og forbetra offentleg sektor er regjeringa sine stikkord for fornyingsarbeidet, der innbyggjarane skal møte ein effektiv og brukarretta offentleg forvaltning som er opptatt av resultat og gjennomføring. Digitalisering er nøkkelord, og digital kommunikasjon skal vere hovudregelen i møte mellom innbyggjar og det offentlege. Auka valfridom og større innflytelse over eige liv er sentralt. Det er sett fokus på fjerning av tidstjuvar.

Lokale føringar

Driftsbudsjettet er vidareført etter dagens standard på teneste, men det er flytta ressursar frå ansvar med minkande behov til ansvar med aukande behov. I konsekvensjustert budsjett er det tatt ut midlar for reduserte flyktingtiltak, og meir må salderast i budsjett 2018. Ved å omprioritere ressursar har ein funne nokre nye tiltak innanfor eksisterande rammer. Dette vert kommentert under tenestene.

Utfordringa til Hareid kommune er det same som landet elles når det gjeld dimensjonering av tenester for å kunne møte den demografiske utviklinga med så mange eldre. IKT og digitalisering skal gjere oss meir sjølvhjelpte og erstatte ein del av personellbehovet. Førebygging er eit heilt sentralt element då det er betre for alle partar å stoppe eit behov med små tiltak før det vert stort og krev omfattande behandling over tid. Utfordringa til kommunane på Søre Sunnmøre er større enn elles i landet med å møte dei auka krava til legeteneste, ifølge ein rapport frå legeteneste som var bestilt av Sjøstjernenettverket. Dette vil konkurrere om midlar frå andre trengande område. Hareid står midt i eit generasjonsskifte i legetenensta, og er sårbar med tanke på snarleg behov for nytt legesenter. Arbeidstilsynet har sett fram krav om handling frå kommunen si side, men har godtatt at kommunen arbeider med ei snarleg løysing på saka.

Tiltakslista er svært lang av tiltak der mange viktige og trengande må-tiltak. Mange har stått på vent i årevis. Rådmannen har dessverre funne rom for berre ein brøkdel av desse, og har gjort ei prioritering basert på faglege tilrådingar og politiske signal. Tiltak som gir god kost/nytte, førebygging, betre kvalitet og effektivitet er prioritert. Med utgangspunkt i dei overordna måla i kommuneplanen er det lagt vekt på å legge til rette for vekst og utvikling av Hareidsamfunnet. Digitalisering er avgjerande for å kunne møte aukande tenestebehov og henge med i den teknologiske utviklinga. Det er difor lagt inn midlar til fiberutbygging og tiltak som understøtter digitalisering både i velferd og sektor for læring og kultur.

Hareid kommune er på fylkestoppen i arbeidsløyse, og kommunen må vere ein støttespelar for næringslivet for å kunne søkje fylkeskommunale midlar til bedriftsutvikling. Nært samarbeid med næringslivet er sentralt for kommunen og regionen si vidare utvikling, og gode ord og intensjonar er ikkje nok. Det må pengar på bordet.

Handlingsprogram 2018 - 2021

På investeringssida er det omsynet til storleiken på lånegjelda som har vore styrande. Oppbygging av lånegjeld vil få direkte konsekvens i driftsrekneskapen i form av auka finanskostnader. Hareid kommune har mindre pengar enn samanliknbare kommunar til drift av tenester, og har difor ikkje rom for å belaste drifta med lånerenter. Etter fleire år på Robek har ein vore gjennom mange rundar med saldering av drifta, og med mindre ein kan nyte seg av alternative digitale løysingar, eller gjere drastiske strukturendringar som til dømes nedlegging av skular, er her ikkje rom for meir kutt no.

Det er mange forhold og val som må takast når ein skal balansere eit budsjett, og ytre faktorar set i stor grad rammene. Eit av dei forholda som slår særleg ut er utgifter til pensjonskostnadane. Dette varierer frå år til anna, og dei endelige tala for budsjettåret vert ikkje kjende før ut på våren året etter. Rådmannen tek difor atterhald i høve dei endelige pensjonskostnadane.

Det er heilt sentralt å bygge eit disposisjonsfond. Det er difor vidareført ein post i budsjettet til dette. Hareid kommune har ikkje henta ut inntektpotensialet sitt på eigedomsskatt, og der er lagt inn fleire alternativ som aktuelle tiltak for å kunne auke låneramma eller legge til disposisjonsfondet.

Fokus på organisasjonsutvikling med effektiv bruk av ressursar vert sentralt i tida framover. Den nye organisasjonsmodellen vil bidra til sterkare sentral styring og kontroll på økonomi og overordna føringar, samstundes som ein vil legge sterk vekt på medarbeidarskap og klare linjer for ansvar og delegert mynde. Dette arbeidet vert koordinert gjennom prosjektet «Losen 2025», og kommunekompasset representerer metodikken vi skal arbeide etter, og måle ending på.

Prosjektnamnet LOSEN peiker på

ein
Ilærande
organisasjon

med
samskapning

og
energisk
ny skaping

mot **2025**

Vi skal ha gode tenester med vekt på tillit, samspel og teknologi (TST) Dette er nøkkelord i utforminga av morgondagens kommunar.

Tre område er prioriterte fokusområde:

- a. Den lærande organisasjon
- b. Heilskapleg styring
- c. Samskapingskommunen

Prioriterte drifts- og investeringstiltak

Prioriterte tiltak er sett i samanheng med målsettingane i kommuneplanen, og rådmannen vil her kommentere bakgrunnen for prioriteringane. Dei fleste, men ikkje alle tiltaka er nemnde.

1.1 Kommunen som samfunnsutviklar:

Kommuneplanen har fire hovudmål, og tre av desse er relatert til samfunnsutvikling:

- Hareid skal vere ei bu- og utviklingskommune. Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.
- Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling
- Hareid skal vere ein kommune som gjer det mogleg med eit allsidig næringsliv der miljø og arbeidsplassar kan tryggast, moglegheiter utviklast, nye verksemder etablerast og får folk med kompetanse til å bu i kommunen.

Driftstiltak:

- Auke i Hareid sin del til SSIKT med kr 267 746, som følgje av k-sak med vedtak om oppretting av eige selskap.
 - Digitalisering er sentralt i framtida si tenesteformidling. Det er forventa at offentleg sektor kan tilby digitale tenester og kommunen må legge teknisk og kompetansemessig til rette for det.
 - Sjustjernekommunane satsar interkommunalt på samhandling innan IKT-området då dette er for stort til at ein kan greie dette åleine, og fleire sentrale utviklingsprosjekt står føre. Ein må rekne med å auke løvyingane til dette området. Det er ikkje tatt høgd for dette i framskrive budsjett så det må ein kome attende til ved neste rullering
- Auka tilskot landbrukskontoret som følgje av k-sak med vedtak om omlegging av teneste – frå 2018
- Reguleringsarbeid Risneset frå 2019. Tilrettelegging for bedriftsutvikling er sentralt for samfunnsutviklinga og skatteinngangen.
- Kommunen har inngått partnarskapsavtale med Ålesund kunnskapspark, om Hopp-ID teneste. Tiltaket har vore finansiert gjennom næringsfondet. Nye retningsliner tilseier at næringsfondet ikkje lenger kan nyttast til føremålet.
- Fagkoordinator kultur
 - I Hareid står kulturen sterkt, og det er eit sterkt politisk signal at ein ynskjer å styrke dette området. Det har vore sett fram forslag om både kulturarbeidar og kulturleiar. Rådmannen finn ikkje rom for to stillingar i årets budsjettframlegg, men vil gi sektor for læring og kultur i oppdrag å forme ei stilling som best mulig femner dei behova som er i kommunen på kulturområdet.
- Soknet får ekstra midlar til pris – og lønsjustering. Dette er synleggjort fordi det har vore spesielt oppe som tema.
- Soknet får ikkje ekstra stilling utover kyrkjeverje, men midlar til innleige av sommarvikar for stell av kyrkjegarden.
- Opplæring i bruk av digitale hjelpemiddel
 - Sektor for læring og kultur vil framover tilby digitale læringsplattformer til sine elevar, og då må ein ha tilgang til utstyr og utvikle kompetanse i bruken av dette
- Støtte til drift av privat fotballhall i staden for bygging og kommunal drift
 - Kommunen har over tid samarbeidd med idrettslaget om å få realisert ein fotballhall i kommunen. Det har vore ynskjeleg frå idrettslaget at kommunen står som eigar og driftar av bygget, medan idrettslaget på si side skal bidra med dugnad og ein økonomisk part. Ein har kome så langt i arbeidet at ein har planlagt og fått anbod på prosjektet.
 - For å få saman driftsbudsjettet utan drastiske kutt i tenestene har rådmannen måtte prioritere lovpålagde oppgåver, og gjere ei streng prioritering av kva som er kommunale primær oppgåver. Det er då dessverre ikkje rom for å investere i og drifte ein fotballhall. Volda kommune har gode erfaringar med etablering av sin nye fotballhall. Ifølge rådmannen hadde Volda kommune kome langt i planlegginga av fotballhall med kommunal bygging og drift før ein snudde dette til eit idrettsprosjekt. Idrettslaget fekk hallen reist langt billigare enn kommunen hadde greidd det. Volda kommune sponsrar drifta med eit fast årleg kronebeløp.

- Rådmannen foreslår å bruke Volda-modellen i det vidare arbeidet då dette vil belaste drifta vesentleg mindre enn ved å stå som eigar og driftar av bygget.
- Auka tilskot frivilligentral i tråd med sentrale føringar
- Prosjekt LOSEN 2025 og kommunekompasset skal bidra til å modernisere og effektivisere kommunen, mellom anna med vekt på samskaping og heilskapleg styring. Det er lagt inn ein sum til eigendel for opplæring og ev. andre tiltak
- Prosjekt vekst Hareid
 - Hareid er på fylkestoppen i arbeidsløyse. Her er mange ledige industrilokale og folk som bur her er avhengig av å pendle ut av kommunen for å finne arbeid. Fylket har tilbode kommunen midlar for å stimulere til ny vekst, men krev at både kommunen og næringslivet stiller med eigendel.
 - Styret i næringsforum vil stille med sin eigendel, og rådmannen ser det som viktig at kommunen kan stille med sin del. Fylket vil då gi prosjektmidlar for inntil ei fire-års periode på det som kommune og næringsliv til saman yter.
 - Med etterhald om kommunestyret si godkjenning vert det sendt inn ein søknad om prosjektmidlar. Gjennom ein prosjektleiar vil ein kartlegge status, behov, muligheter og koordinere arbeidet som skal gi nytt liv i arbeidslivet i kommunen ved knoppskyting og etablering av nye næringar. Dette er eit viktig satsingsområde der kommunen må bidra, for arbeidsplassar og innbyggjarar gir inntekter til drift av primærtenestene og utvikling av samfunnet. Vi treng å snu ein negativ spiral, og næringsliv og kommune er gjensidig avhengig av kvarandre for å lykkast med dette. Det er etablert eit godt samarbeid mellom partane, og ein treng no økonomisk handlingsrom for å kome vidare i samarbeidet om ny vekst i Hareid.
 - Vi har etter anbefaling frå fylket tatt utgangspunkt i Stordalmodellen. Det har vore gjennomført eit ope møte for næringslivet og politikarar der over 60 personar møtte, og engasjementet er stort for ny vekst på Hareid.
 - Prosjektet legg opp til ein eigendel på 500 000 frå kvar av dei lokale partane som til saman utløyser 1 million kroner frå fylket. For kommunen sin del legg rådmannen inn 400 000 som eit kronebeløp og reknar med at kommunen må stille med eigne tilsette tilsvarende 100 000 kroner
- Husleige erstatningslokale – i samband med skifting av innvendig tak og belysning vart det nødvendig å tømme lokalet. Ei så massiv flytting utløyser kostnadar langt utover husleige, og då spesielt i form av produksjonstap. Ein må stille spørsmål om ein skal nytte høvet til å ta resterande vedlikehald/oppgradering på rådhuset når lokala først er tomme. Dette tiltaket må sjåast i samanheng med foreslått investeringstiltak om skifte av vindu og fasade på rådhuset (fjerning av asbest)
- Soknet får ekstra midlar til pris – og lønsjustering. Rådmannen har forståing for ynskje om å auke stillinga som kyrkjeverje, men har ikkje funne rom for dette. Soknet bruker i dag midlar til innleige av hjelp til stell av kyrkjegard, og vert oppmoda til å vurdere omdisponering av interne midlar for å løyse meldte behov om fast stilling.
- Trafikktryggingsplan. Er prioritert, også i tråd med politisk signal, for å kunne søkje eksterne midlar
- Auke egedomsskatt. Trass i at dette er eit lite populært tiltak både for politikarar og innbyggjarar har rådmannen sett seg nøydd til å peike på dei inntektskjeldene som kommunen har til rådvelde. For å kunne investere må kommunen ha større inntekter.
 - Der er to store investeringstiltak som har politisk prioritet; fotballhall og helsehus. Rådmannen har foreslått å gjere fotballhall om til eit rent driftstiltak ved eit årleg bidrag til idrettslaget, fordi kommunen ikkje har økonomisk bærekraft til å ta på seg ansvaret for å bygge og drifta ei teneste som ikkje er ei kommunal primæroppgåve.
 - For realisering av helsehus er der lagt inn ulike alternativ for auke av egedomsskatt. Rådmannen vurderer det slik at tenestenivået er så pressa, og behova er så mange at ein bør gå for det rimeligaste alternativet. Sjølv med dette alternativet må kommunen sine inntekter aukast om ein skal unngå kutt i tenestene.
- Det er lagt inn midlar til å sikre rentekostnadene. Det er ikkje venta at renta aukar i 2018, men det ligg ein forventning om at renta vil auke på litt sikt. Dette i kombinasjon med auka

låneopptak gjer det naudsynt å sikre delar av lånemassen. Pr i dag er det ingen sikring. Dette er gjort i tråd med finansrådgivarane sine råd. Men råda endrar no karakter i form av anbefalingar om å planlegge sikring innan rimelig kort tid.

- Disposisjonsfondet skal gi handlingsrom og sikre kommunen mot sårbare svingingar. Det er difor ei klar målsetting å bygge ein buffer, og rådmannen har med varierande talfesting lagt opp til ei stabil auke av fondet. Det hadde vore ynskjeleg at denne var større..

Investeringstiltak:

- Diverse IKT-tiltak
- Kommunen går saman med Sjustjernekommunane om å bygge trygge, stabile og framtidsretta tenester. Til dette må kvar kommune sette av sin del og vere budd på at utgiftene til dette vil auke framover. Rådmannen gjer merksam på at dette ikkje er talfesta for anna enn 2018, og dette må sjåast i samanheng med bærekraft når det gjeld låneopptak
 - Det er lagt inn midlar til prosjektering og utbygging av fiber, men dette er heller ikkje kostnadsrekna ut i perioden.
 - Tiltak i oppvekst og velferd er kommentert under teneste
 - Det er ikkje funne rom for utskifting av datamaskiner etter SSIKT si anbefaling
- Nødvendig utskifting av ein del inventar. Det er store behov rundt i organisasjonen med mange utslitne møblar, og ein må starte på ei fornying.
- Utskifting av belysning og himling på Hjørungavåg skule er prioritert på grunn av brannfare
- Bustadfelt Holstad er lagt inn som følgje av politisk prioritering. Det same er bustadfelt Pålhaugen.
- Her er lagt inn midlar til grunnkjøp og sikring av Gjerdselva
- Her er midlar til opprusting av Røysetvegen, Øvstevegen i Brandal og rundkøyring på Holstad
- Miljøgateprosjektet er inne som følgje av politisk prioritering
- Parken i Åsendalen heng tett saman med miljøgateprosjektet. Det er lagt mykje godt arbeid i planlegging av ein flott møteplass for folket i Hareid. Når ein må velje kva ein vil bruke pengar på har rådmannen konkludert med at dette tiltaket vil gi stor bulyst og attraktivitet. Kommunen treng fleire innbyggjarar som kan bidra med skatteinntekter, og dei ser på attraktivitet i lokalsamfunnet når dei vel bustad. Hareid har eit fantastisk mangfold av kultur, men treng møteplassar for å samle seg rundt denne. Parken byr på skjerma uteområde for kulturoppleving, leik, moro og sosialt samvær. Dette er god folkehelse. Offentlege toalett gjer området lett tilgjengelig også over tid. Eit moment for rådmannen si prioritering av dette er at Hafest er ein frivillig aktør som vil bidra til realisering av prosjektet. Det er viktig at kommunen kan legge til rette for frivillige bidrag som vil kome lokalsamfunnet til gode. Det fine med parken er at den vil vere der for alle alder- og brukargrupper. Rådmannen har prioritert dette fordi det er eit tiltak som vil løyse mange behov.
- Utskifting av vindu og fasadar på råhuset er eit tiltak som rådmannen ser som god kost/nytte no når huset likevel er tömt på grunn av pågående prosjekt med utskifting av takhimling/lysarmatur og etablering av rømmingsveg. Det var opphaveleg tenkt å utføre arbeidet utan bruk av erstatningslokale, men støv og lydproblematikk gjorde at ein måtte endre planane undervegs. Rådhuset er storforbrukar av straum (fleire gangar dyrare enn heile sjukeheimen) men har likevel problem med å halde oppe temperaturen vinterhalvåret. Vindua står til forfall og må skiftast. Når dette skal gjerast bør ein nytte høvet til å skifte asbestplatene i veggane. Eit arbeid som må gjerast når huset er tomt. Ei flytting av personalet har store følgjekostnadar, og rådmannen har difor prioritert dette inn i budsjettet no når lokalet likevel er tomt.
- Hareid sokn har også mange behov som står for tur. Tiltaka som er meldt heng saman og ifølge soknet må oppstart av arbeidet med nytt golv og varmesystem kome først. Dette er difor også prioritert inn først frå rådmannen si side.

1.2 Kommunen som tenesteprodusent:

Kommuneplanen sitt fjerde hovudmål er retta inn mot kommunen sitt ansvar som tenesteytar:

- Kommuneorganisasjonen i Hareid skal sikre tenester og service av rett kvalitet i samsvar med behova i kommunen.

Driftstiltak:

- Styrking av legevakt som følgje av nye lovkrav frå 2018
 - Det er nedsett ei interkommunal arbeidsgruppe som arbeider med ei felles løysing på dei nye lovkrava. Den nye standarden på legevakt vil utløyse utgifter i millionklassen om ein ikkje søker samarbeid med andre. I påvente av ei slik felles løysing har Ulstein og Hareid legeteneste samla seg om eit beløp som vil sikre legetenesta i påvente av endelig løysing.
 - Det er lagt inn same beløpet i heile økonomiplanperioden fordi tala er ukjende, men det er klart at dette vil auke vesentleg i høve det som er lagt inn.
- Felles drift av NAV-kontoret med Ulstein gir isolert sett ei positiv økonomisk effekt, men samlokalisering i Ulstein i påvente av flytting til Hareid gir ein ekstra kostnad til husleige i overgangsperioden. Det har over tid vore drøftingar med Ulstein og NAV om at NAV skal inn i det nye helsehuset på Hareid, men NAV har no gjort det klart at dei må ut på eit offentleg anbod, og dette opnar for fleire løysingar når det gjeld lokale. Det har vore viktig for NAV at kontoret er samlokalisert frå starten av, og det er difor lagt inn ein sum for ekstra kostnadar til dette.
- Som ein del av budsjettet (konsekvensjustert budsjett) er det bakt inn to tiltak som vil ha god førebyggande effekt, og målsettinga er å spare ytterlegare på sikt, utan at beløpet er talfesta her. Dette gjeld to forhold:
 - Ei 100 % tiltaksstilling i barnevernet
 - Ein eigenandel (36 000 årseffekt for Hareid) for å finansiere eit to-årig prosjekt for felles valdkoordinator for kommunane på Søre Sunnmøre (prosjektskisse som vedlegg). Oppstart vil vere avhengig av oppslutning frå samarbeidskommunane
 - Der er midlar til å finansiere dette i ramma for barnevern, og det er positivt at barnevernet sjølv kjem med framlegg til å vri midlar frå behandling til førebygging. Rådmannen vurderer dette som så viktige tiltak at det er vidareført som ein del av dagens drift. Kommunestyret står likevel fritt i å saldere tiltaket om andre tiltak vert vurdert som viktigare.
 - Barnevernsjefen sine kommentarar til tiltaksstilling er slik:
Samla har vi lagt opp til ein reduksjon i høve årets budsjett, først og fremst ved å kutte på tiltaksbudsjetta for fleire av kommunane. For Hareid, Ulstein og Volda har vi, som ein konsekvens av dette, imidlertid lagt inn ei tiltaksstilling (kr 610 000) for kvar av kommunane på hjelpe tiltak i heimen. Etter klare signal fra rådmannen i Ørsta har vi ikkje lagt inn dette for Ørsta kommune. Konsekvensen vert dermed at hjelpe tiltak som PMTO og familie/foreldreveiledning ikkje vil bli gitt som eit tilbod til familiar i Ørsta.
Vi har kome til at ei slik differensiert løysing kan vere praktisk gjennomførbar, altså det å tilby ulike tenester til barna i våre samarbeidskommunar. Det er derfor opp til både Hareid, Ulstein og Volda kommune å bestemme om ein ønskjer å sette dei same begrensingane som Ørsta har gjort for å få barnevernsbudsjetta ytterlegare ned. Konsekvensane vil derimot kunne bli kraftig auke på kompenserande tiltak/kjøp av tenester og omsorgsovertakingar på sikt.
A kunne få kvalitativt betre barnevernstenester og gode hjelpe tiltak, var noko av hovudhensikta med å etablere ei interkommunal barnevernsteneste frå 2014. Alle samarbeidskommunane mangla hjelpe tiltak som kunne bidra til endring i utøvinga av foreldrerolla, såkalla endringsfokuserte tiltak. Alle kommunane nyttar i stor grad, ofte svært kostbare kompenserande tiltak, det vil seie tiltak som ikkje var retta direkte mot å skape forandring i barna sin omsorgssituasjon. Til trass for ein omfattande omstilingsprosess og fleire tilhøve som ikkje har fungert optimalt, har vi frå 2014 vald å halde fast på og prioritere dette faglege fokusset, ved å øyremerke fagstillingar (familie- og andre terapeutar), til å arbeide i Familieteamet vårt. Desse arbeider direkte inn i heimane, med rettleiing og endringsarbeid, i hovudsak retta mot foreldra og måten dei utøver foreldrerolla si på.

Vår erfaring er at dei aller fleste foreldre både ønskjer og evner å forandre på forhold som ikkje fungerer godt nok i heimen. Eksempel på dette kan vere å lære korleis ein skal kunne ha ein god døgnrytme slik at familien fungerer i dagleglivet, korleis sitte ved middagsbordet og få dette til å bli ei

positiv oppleving for både vaksne og barn, korleis sette grenser og gi omsorg til barna utan å bruke vald. Vi opplever ein voldsom auke i saker som gjeld vold mot barn frå deira omsorgspersonar. Ein stor del av desse sakene gjeld foreldre med anna kulturell bakgrunn, men vold blir også nytta av etnisk norske foreldre. Særleg når det gjeld typen vald som vi kan karakterisere som «oppdragarvold», er det viktig at foreldra får hjelp til å utvikle andre måtar å sette grenser for barna på.

For foreldra vil det å få god rettleiing og hjelp til å få nye måtar å handtere ulike situasjonar på, skape ei oppleving av meistring. For barna er det avgjerande å oppleve positive endringar i familiesamspelen, i omsorga dei får frå sine foreldre og i stemninga i heimen.

Investeringstiltak

- Nytt pasientsignalanlegg ved sjukeheim er vidareført frå fjaråret.
- Digitale tryggleiksalarmer for heimebuande der ein kan kople til velferdsteknologi etter behov.
- Ombygging av fjerde etasje på sjukeheimen er prioritert for å gi meir effektiv intern samhandling i velferdstenesta, samt å få dagsenteret flytta til lokala ved den nye sansehagen
- Nytt helsehus.
 - Kommunen har over år hatt behov for nytt helsehus og ein har no kome så langt i prosessen at ein har fått fram rombehov og kostnadsrekna omfanget av investeringa. Med utgangspunkt i sak til kommunestyret om helsehus i september i år ser ein at bygget vil koste over 160 millionar inkludert tomt og kostnadsknytt til veg.
 - Utgangspunktet for nytt helsehus låg i eit behov om nye lokale for legesenter og helsestasjonen. I prosessen har det kome fram ynskje om eit utvida helsehus der NAV og tannhelse var lokalisert i same bygget. Vidare er det planlagt inn nye lokale for ressurssenteret. Og ei fellessone i bygget vil vere til nytte for andre bruksområde i bygda. Mellom anna tilrettelagde arbeidsplassar og sosiale arrangement.
 - Både NAV og tannhelsetenesta må ut på anbod i anskaffing av nye lokale og det er pr. dato dermed uklart om desse vert leigetakrar i bygget
 - Ressurssenteret får utvida område i det nye bygget, der det er planlagt for både treningskjøkken og høve til arbeidstrening. Gode tiltak som kommunen treng, men spørsmålet vert om ein har råd til ei så sterkt standardheving når det gjeld husleige.
 - Rådmannen har etter ei samla vurdering av drifts- og investeringsbehov konkludert med at kommunebudsjettet ikkje toler den belastninga eit så stort lån vil medføre for driftsbudsjettet. Dette må sjåast i samanheng med at drifta er pint ned etter mange år på Robek, og både driftstiltak og investeringstiltak er mange og trengande.
 - Rådmannen har difor landa på å legge inn helsehus i tre variantar, og politikarane kan lett sjå effekten av desse i budsjetteringsprogrammet. Rådmannen har bygd budsjettet rundt alternativ a. Dette inneber ein lett auke av eigedomsskatten:
 - Helsehus som eit minimumsprosjekt basert på ei tidlegare planløysing kostnadsrekna til 40 million. Her med eit påslag på 10 million, til saman 50 million. Finansert ved ein auke på 0.5 promille eigedomsskatt
 - Helsehus som eit redusert alternativ med færre funksjonar til 115 million.
 - Helsehus slik plangrunnlaget ligg føre pr. dags dato til ein lånekostnad av 163 million kroner. Finansiert med auke på 1,25 promille eigedomsskatt
 - Rådmannen har vurdert det slik at drifts- og investeringsbehova er så store at kommunen ikkje kan satse så stort på eit enkelt prosjekt. Låneutgiftene vil føre til dramatiske nedskjeringar i velferd og barnehage og skule, og sette alle andre behov på vent i mange år. Det er stor fare for at returnen til Robek vert svært kort. Med mindre ein aukar inntektene tilsvarande..
 - Om politikarane ynskjer å realisere prosjektet er det mulig ved å auke inntektene, og rådmannen har difor lagt inn eit tiltak som kan veljast inn med ein ytterlegare auke av eigedomsskatten til 3,25 promille. Rådmannen har etter ei samla vurdering av risiko knytt til auka og eventuelt manglende husleigeinntekter, og behov for realisering av andre tiltak landa på at det dessverre ikkje er tilrådelig å gå for dette

alternativet. Ein må også ta med i vurderingane fare for aukande rentekostnad og reduserte inntekter på skatt/ramme.

- Omsorgsbustadar Pålhaugen er lagt inn i 2019 og 2020

1.3 Kommunen som arbeidsgjevar:

Kommunen har ein arbeidsgivarpolitikk frå 2004. Den seier noko om organisasjonskulturleiing, løns- og kompetanseutvikling, samt det å rekruttere og behalde personalet. Det har ikkje vore gjennomført medarbeidarundersøkingar, så ein har ikkje dokumentert medarbeidarane si heilskaplege oppleving av arbeidssituasjonen.

Kommunen har mange dyktige medarbeidarar som har stått på og gjort ein flott innsats i desse åra med ROBEK trass i därlege rammer for personalutvikling. Prosjekt LOSEN 2025 er både eit organisasjons- og tenesteprosjekt då det vil kome både brukarane og dei tilsette til gode. Eg vil synleggjere det her for det vil representere ein sterk kompetanseutvikling for dei tilsette

- Prosjekt LOSEN 2025 handlar mykje om leiar- og medarbeidarutvikling. Det er sett av midlar til eigendel for kompetanseutvikling og andre tiltak som måtte følgje av prosjektet. Sjølv arbeidet med å forme vår nye forvaltningspraksis vil vere kompetansebyggande i seg sjølv.
- Kursmidlar til nye byggesakshandsamarar

Rådhuset er det kommunale bygget som er i dårligast forfatning. Det er difor flott at ein har starta på arbeidet med forbetingstiltak. Utskifting av skadelige lysrøyrr og betre belysning er viktige HMS-tiltak. Det same er etablering av rømingsveg. Ein bør no nytte høvet til å løyse eit langvarig problem med varme- og kuldeproblematikk og asbest.

1.4 Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:

Mål 1: Halde Hareid ut av ROBEK.

Få balanse mellom budsjett og rekneskap – og framleis god økonomistyring. Ein vil framleis ha nøyde kostnadskontroll med fokus på kortsigtige tiltak som kan ta ned kostnadane, og sterkt kostnadskontroll, slik at ein ikkje får overraskinger på slutten av året. Vi har lukkast med dette så langt, men er svært sårbar for uføresette hendingar, og / eller hendingar vi ikkje kan påverke.

Drifta er så marginal at den ikkje maktar belastning med utgifter frå investeringstiltak. Rådmannen har likevel sett seg nøydd til å ta med nokre viktige investeringstiltak, men har då funne finansiering ved å auke inntektene så dette balanserer.

Mål 2: Videreføre oppbygging av disposisjonsfond

og dermed legge grunnlaget for driftsmessig rom for eigenkapital til investeringar i framtida, samt å legge grunnlag for ein økonomisk buffer i driftsbudsjettet. Som nyleg frismeldt ROBEK-kommune er det avgjerande viktig å oppnå berekraftig økonomisk balanse.

Mål 3: Prioritere tiltak som legg grunnlaget for ei berekraftig utvikling

Budsjett og handlingsprogram skal spegle dei reelle utfordringane. Grunna dei vanskelege økonomiske rammevilkår ser ein ofte at dei same tiltaka vert melde inn år etter år. Mange gode tiltak er ikkje meldt inn fordi ein veit at der ikkje er gjennomføringsevne.

Rådmannen legg fram budsjettet etter ei grundig gjennomarbeiding i leiargruppa der ein i fellesskap har prioritert dei tiltaka som no ligg inne. Det handlar om å sjå heilskapen og ta eit felles ansvar for fellesskapet.

1.5 Rådmannen sine framlegg til tiltak

Rådmannen har prioritert tiltak i tråd med kommuneplanen sine målsettingar, og lagt vekt på å fullføre vedtekne tiltak. Men rådmannen har også i saker med stor økonomisk konsekvens sett seg nøydd til å stille spørsmål om tiltak og omfang. Når det gjeld helsehus vil eg understreke at det er avgjerande viktig at prosessen ikkje stoppar opp, men at ein held stø kurs mot målet som er eit nytt helsehus på Hareid i løpet av 2019, der det er samanheng mellom utgift og inntekt.

Samfunns – og organisasjonsutvikling er sentralt og tiltaka ber preg av dette. Vidare tiltak som bidrar til digitalisering med hjelp til sjølvhjelp. Vi treng framover å fokusere på at sjølvhjelpt er vel hjelpt, og då må kommunen tilby denne type hjelp.

Tiltaka heng saman med kvarandre gjennom prioriteringar som er gjort mellom investering og drift. Samfunnsavdelinga har gjort ei kapasitetsmessig vurdering for gjennomføring av investeringsprosjekta. Med eit par unntak ligg dei nye driftstiltaka inne med heilårseffekt. Her ligg sterke usikre moment i høve utgifter til IKT/digitalisering og oppfølging av lovkrav knytt til legeteneste. Dette vert langt meir enn det går fram av åra frå 2019 og utover. Val for løysing av helsehus og fotballhall er det som vil ha størst verknad for budsjett 2018, og endå meir for langtidsperioden. Det er så store endingar i tida at det er umulig å planlegge omfanget av kostnadane i detalj.

Budsjett handlar om prioritering av mål og retning i eit område der alt heng sama med alt. Ein skal balansere mellom lovpålagde oppgåver og det som er kjekt å ha. Ein hårfin balansegang og vanskelige val. Eit stort ansvar på vegne av samfunnet.

Rådmannen ynskjer politikarane lykke til med arbeidet !

Hareid november 2017

Ragnhild Velsvik Berge
Rådmann

2 SAMANLIKNINGSTAL


2.1 KOSTRA analyse:

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Ein finn tall om til dømes pleie- og omsorgstenester, barnehagedekning og sakshandsamingstid, og ein kan samanlikne kommunar med kvarandre, med regionale inndelingar og med landsgjennomsnittet. Kommunane er grupperte i 16 grupper, etter folkemengd og økonomiske rammevilkår.

2.2 FINANSIELLE NØKKELTAL

Finansielle nøkkeltal i Kostra, gir eit oversyn over dei viktigaste finansielle rammevilkåra og dei viktigaste resultatindikatorane på eit overordna nivå. Nøkkelta syner ein status og ei utvikling, men er i seg sjølv ikke tilstrekkelige til å seie noko om kvifor situasjonen er slik han er. Dette fordrar meir inngåande kjennskap til databasen, samt ein meir djuptpløyande analyse. Dei finansielle nøkkelta er likevel gode indikatorar i høve det å kunne orientere seg om korleis kommunen sin situasjon er i høve andre kommunar og i høve objektive økonomiske måleparameter. Av omsyn til god oversikt vert berre grafane presenterte.

Brutto driftsinntekter per innbyggjar



Brutto driftsinntekter er dei samla kommunale driftsinntektene, og inkluderer alt frå skatteinntekter


og rammetilskot, til alle slags sals- og leigeinntekter.

Hareid kommune er ei låginntektskommune og har, som ein kan sjå, kr 3000 mindre i brutto driftsinntekt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Basert på

5165 innbyggjarar svarar det til om lag 15,5 mill. kroner på heile befolkninga. Samanlikna med

KOSTRA gruppe 10 er skilnaden på om lag 10,33 mill. kroner.


Frie inntekter per innbyggjar



■ Hareid ● Kostragruppe 10 ■ Fylkessnitt ■ Landssnitt

Frie inntekter er summen av rammetilskot, eigedomsskatt og inntektsskatt. Etter at eigedomsskatt med skattesats 2 promille vart innført, ligg no kommunen om lag på landsgjennomsnittet pr. innbyggjar. Skilnaden i høve fylkessnittet er på om lag 5,17 mill. kroner, når ein baserer det på ei befolkning på 5165 personar.

Brutto driftsutgifter per innbyggjar




■ Hareid ● Kostragruppe 10 ■ Fylkessnitt ■ Landssnitt

Handlingsprogram 2018 - 2021


Brutto driftsutgifter er dei samla driftsutgiftene, inkludert avskrivingar. Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kommunen viser einingskostnaden ved den totale kommunale verksemda og kan være ein produktivitetsindikator. Figuren indikerer såleis at kommunen har høg produktivitet. Samanlikna med landsgjennomsnittet har kommunen ei brutto driftsutgift, som er om lag 20,66 mill. kroner lågare enn landsgjennomsnittet. Samanlikna med vår eigen KOSTRA gruppe er skilnaden på om lag 15,5 mill. kroner, når ein baserer seg på ei befolkning på 5165 innbyggjarar.

Brutto resultatgrad




Brutto driftsresultat er resultatet *før* dekning av kommunen sine rente- og avdragsutgifter, inntekter i form av utbytte og renter, samt eventuelle avsetningar og eigenfinansiering av investeringar. Avskrivingar påverkar også brutto driftsresultat. Omgrepet kan i stor grad samanliknast med "driftsresultat" i resultatoppstillinga til bedrifter med rekneskapsplikt etter rekneskapslova. Grafen syner at kommunen dei seinare åra har levert brutto driftsresultat på linje med dei beste i utvalet.

Netto renter og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter



Denne grafen syner at kommunen sine nettokostnader til rente og avdrag har vore fallande. Dette er ein kombinasjon av at kommunen har makta å få til ei tilnærma «frysing» av lånegjelda, samstundes som det generelle rentenivået har gått nedover og vore stabilt over tid.

Netto resultatgrad




Netto driftsresultat brukast av Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) som ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat er eit mål på kor mykje kommunane sit igjen med av driftsinntekter etter at driftsutgifter, netto renter og avdrag er betalt. Målt i prosent av driftsinntektene uttrykker netto resultatgrad kor stor del av dei tilgjengelege driftsinntektene kommunane kan disponere til avsetningar og

Handlingsprogram 2018 - 2021


investeringar. Også her syner grafen ei markant betring i høve utvalet.

Brutto gjeldsgrad



Brutto gjeldsgrad syner kor stor del kommunen si langsiktige pensjonsforpliktingar, utgjer av kommunen si brutto driftsinntekt. Y-aksen i grafen syner prosentdel og kommunen sin brutto gjeldsgrad ligg no under resten av utvalet.


Netto gjeldsgrad



Netto gjeldsgrad syner kor stor del kommunen si langsiktige gjeld, ekskl. pensjonsforpliktingar, utgjer av kommunen si brutto driftsinntekt. Y-aksen i grafen syner prosentdel. Gitt den stabile renta tyder dette på ei stabil dreiling mot ei realvekst av

tilgjengelege disponible midlar for tenesteproduksjon.

Arbeidskapital ex premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt





Arbeidskapital definerast som differansen mellom omløpsmidlar og kortsliktig gjeld, og er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Arbeidskapitalen uttrykker derfor den delen av omløpsmidlane som er finansiert med langsiktig kapital (langsiktig gjeld og eigenkapital). Med likviditet meinast evne til å betale forpliktingane etter kvart som de forfall. Premieavvik vil vere ei kunstig inntekt og vert difor holden utanfor i berekninga.

2.3 DEMOGRAFI OG FOLKETAL:


Desse grafane vert tatt med for å syne korleis den aldersmessige samansetninga har variert i befolkninga over tid. Desse faktorane påverkar mellom anna storleiken på rammetilskotet til kommunen. Då basert på siste relevante statistikk. Prognosar for framskriving av folkemengda kan elles vere viktige med omsyn til den langsiktige planlegginga i høve kommunen sitt framtidige tenestetilbod.

Handlingsprogram 2018 - 2021


Del folkemengd 0 til 5 år




Del folkemengd 6 til 15 år




Del folkemengd 80 år og over



Del folkemengd 16 til 66 år



Netto befolkningstilvekst



Del folkemengd 67 til 79 år


2.4 HOVUDPRIORITERINGAR:

Grafane ovanfor har synt nokre viktige økonomiske rammevilkår som inntekts- og utgiftsnivå, gjeldsgrad, produktivitet, økonomiske resultat, samt demografiske utviklingstrekk. Grafane nedanfor syner korleis kommunen prioriterer mellom tenesteområda, samanlikna med eit relevant utval. Grafane seier ingenting om kvifor det er slik. Ein kan heller ikkje sjå om «det har blitt slik» eller om det er politisk styrt ut frå lokale føresetnader. Grafane seier altså litt om kor stor del av det økonomiske «kakestykket», **netto driftsutgifter**, som delast ut til det einskilde tenesteområdet, men ingenting om kvaliteten i tenestene

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som m.a. inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekt frå. Dei resterande utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer frå staten mv. Netto driftsutgifter pr. innbyggjar kan vere en prioritieringsindikator.


Ein ser her at kommunen bruker størstedelen av den økonomiske kaka på barnehage og grunnskuleopplæring, og mindre enn andre på velferdstenester og kultur. Den demografiske utviklinga vil utfordre denne fordelinga, og kommunen må legge planar for korleis ein skal kunne ivareta tenestebehova til alle aldersgrupper i tida framover.

Del netto driftsutg. barnehage av netto driftsutg. i alt




■ Hareid ● Kostragruppe 10 ■ Fylkessnitt ■ Landssnitt

Del netto driftsutg. grunnskuleopplæring av netto driftsutg. i alt




■ Hareid ● Kostragruppe 10 ■ Fylkessnitt ■ Landssnitt

Del netto driftsutg. pleie og omsorg av netto driftutg. i alt




■ Hareid ● Kostragruppe 10 ■ Fylkessnitt ■ Landssnitt

Del netto driftsutg. sosialtj. og barnevern av netto driftsutg. i alt




■ Hareid ● Kostragruppe 10 ■ Fylkessnitt ■ Landssnitt

Del netto driftsutg kultur av netto driftsutg. i alt



Del netto driftsutg. kommunehelse av netto driftsutg. i alt



■ Hareid ● Kostragruppe 10 ■ Fylkessnitt ■ Landssnitt

3 ØKONOMISKE PERSPEKTIV


3.1 Finans

3.1.1 Økonomiske nøkkeltal


(kjelde: Finansrapport pr. 31. oktober. 2017 – Bergen Capital Management)

| Nøkkeltal | | Forklaring |
|--------------------------|--------------------|--|
| Total lånegjeld | Kr. 347 274 792 | Viser samla lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer startlån i Husbanken, lån i Kommunalbanken, KLP Kommunekredit og verdipapirmarknaden. |
| Rentebindingstid | 0,38 ÅR | Måltallet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Talet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast, når ein tar omsyn til alle kontantstrømmar (rentebetalingar, avdrag og hovudstol). Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege rentebetalingar har durasjon på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader. |
| Vekta gjennomsnittsrente | 1,27 % | Måltallet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noko. Ved samanlikning mot referanserente må det takast omsyn til durasjon og rentesikringsstrategi. |
| Kapitalbinding | 3,82 ÅR | Måltallet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Talet viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt. Jo høgare tal, desto mindre refinansieringsrisiko har kommunen når alt anna er likt. |

3.1.2 Fordeling rentebinding




3.1.3 Utvikling i gjennomsnittsrente



Porteføljen og marknadsrenter(Rentene er justerte for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)

3.1.4 Utvikling av lånegjeld



Hareid kommune nyttar ekstern finansrådgjevar og mottar månadlege finansrapportar. Strukturen på låneporføljen samt behov for refinansiering av eksisterande lån vert bestemt på bakgrunn av råd frå den eksterne rådgjevaren. Strategien har vore å sikre den lågast mulege lånerenta til ein kvar tid, utan å gjere kompromiss i høve risikoen. Gjennomsnittsrenta har i snitt vore jamt fallande så langt i budsjettåret. Med omsyn til utviklinga i lånegjelda er det verdt å merke seg at kommunen hausten 2017 betalte ned utnytta kassakreditt i sin heilhet. Dette utgjer 25 mill. kroner. Det er ein liten skilnad i rentekostnaden på kassakreditt og vanlige lån. Kassakreditt er ein låneform som vi ikkje har teke med i oversikta til Bergen Capital Management. Såleis kan ein argumentere for at den totale lånegjelta ikkje har auka, snarare tvert i mot.

Som ein kan sjå av grafisk framstilling i KOSTRA-analyse i tidlegare kapittel, har Hareid kommune eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet. Utviklinga for brutto og netto gjeldsgrad har hatt ei positiv utvikling dei seinare åra. Likevel meiner Rådmannen fortsatt at kommunen bør vise varsemd med å legge opp til ytterlegare auke i lånegjelta.

Varsemdsprinsippet er følgd i rådmannen sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram, så langt ein finn det muleg. Behov for utbygging av mellom anna helsehus gjer at kommunen må nytte meir frie midlar til å dekke rentar og avdrag på lån enn før. Dette gjer at det vert mindre disponibele frie inntekter for bruk til velferdsgode på driftssida.

3.2 Eigedomsskatt

Hareid kommune innførde eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, unntake verk og bruk og annan næringseigedom, i 2014. Kommunen nytta skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi i høve bustader, mens dei andre skatteobjekta vart takserte av kommunen sjølv. Det å kunne nytte skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi inneber at det vert enklare for kommunane, og gjer også at klagehandsaminga i høve dette grunnlaget, vert ei sak mellom innbyggjar og likningsmyndigheter. Skattesatsen på 2 promille vart vidareført på same nivå i 2017, men rådmannen har for budsjett- og handlingsprogramperioden 2018 – 2021 lagt til grunn at skattesatsen skal endrast. Det vert difor budsjettert med denne endringa og dette er lagt til grunn ved budsjettsalderinga.

3.2.1 Eigedomsskatt i kommunane

I følgje SSB er det i skrivande stund 366 av Norges kommunar som nyttar seg av eigedomsskatt, mot 365 året før. Av desse har 253 kommunar eigedomsskatt i heile kommunen, mot 240 kommunar i fjar. 67 kommunar har eigedomsskatt berre på verk og bruk, mens 6 kommunar har eigedomsskatt på verk, bruk og område bygd ut på byvis. Kommunane fekk til saman inn nesten 12,3 milliardar kroner i 2016, noko som representerer ein vekst på 9,9%.

3.3 Statsbudsjettet

For Hareid kommune er det anslått at den korrigerte veksten i frie inntektene vil vere på 3,7 % frå 2017 til 2018. (Grønt hefte 2018). Denne veksten skal dekke kommunen si auke i kostnader til lønsvekst, pensjonskostnader, fleire innbyggjarar m.m..

Samla sett utgjer rammetilskotet til kommunane 130,8 milliardar kroner. Fylgjande oversyn er henta frå Grønt Hefte og alle tal er i heile 1000 kr.

| Kap. 571 Rammetilskot til kommunar* Framlegg 2018 (1 000 kr) | | |
|---|-----------------------------|--------------------|
| Post 60 | Innbyggjartilskot | 125 467 888 |
| Post 61 | Distriktstilskot Sør-Noreg | 831 273 |
| Post 62 | Distriktstilskot Nord-Noreg | 2 139 662 |
| Post 64 | Skjønstilskot | 1 360 000 |
| Post 65 | Regionsentertilskot | 200 000 |
| Post 66 | Veksttilskot | 312 444 |
| Post 67 | Storbytilskot | 490 158 |
| Sum kap. 571 | | 130 801 425 |

* Post 21 Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet er ikkje rekna med.

3.4 Finansiering av kommunesektoren

Hovudkjeldene for finansiering av kommunesektoren er skatteinntekter, overføringer frå staten og gebyrinntekter. Skatteinntekter er den største inntektskjelda. I hovudsak er dette inntektsskatt frå personlege skattytarar i kommunen. I tillegg kjem eigedomsskatt, som kommunane kan vedta på frivillig basis, og skatteinntekter frå kraftproduksjon. Stortinget vedtek skattereglane som definerer skattegrunnlaget for kommunesektoren. Skatt på alminneleg inntekt frå personlege skattytarar blir fordelt mellom staten, kommunane og fylkeskommunane. Fordelinga mellom dei tre forvaltningsnivåa blir bestemt av den kommunale og fylkeskommunale skattøyren, ein fordelingsnøkkel som årleg blir fastsett av Stortinget i samband med handsaminga av statsbudsjettet.


Overføringane frå staten kan delast inn i to hovudkategoriar: rammetilskot og øyremerkte tilskot. Rammetilskot skal tildelast kommunesektoren utan andre vilkår enn det som følger av krav til oppgåveløysinga i lov og forskrift. Det inneber at kommunane kan gjere eigne prioriteringar for bruken av rammetilskot. Rammetilskota blir løvvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Saman med skatteinntektene utgjer rammetilskot *frie inntekter* for kommunesektoren.

Handlingsprogram 2018 - 2021

Til øyremerkte tilskot er det knyttt vilkår om at midlane skal brukast til nærmere bestemte føremål. Øyremerkte tilskot blir løyvde over budsjettet til dei ulike fagdepartementa, avhengig av kva for saksområde tilskotet gjeld.

Gebyrinntekter er betaling frå innbyggjarane i kommunen knytte til kommunale tenester, som til dømes barnehagar, pleie- og omsorgstenester og tekniske tenester. Hovudregelen er at kommunen ikkje kan ta meir betalt enn kostnaden ved å tilby tenesta (sjølvkost).

Om lag ¾ av dei samla inntektene er skatteinntekter og rammetilskot, medan om lag 15 prosent er gebyrinntekter og liknande. Dei øyremerkte tilskota utgjorde i 2011 fem prosent av inntektene, mot om lag 12 prosent i 2010. Årsaka til reduksjonen frå 2010 til 2011 er innlemming av øyremerkte tilskot til barnehagar i rammetilskotet.



Kommunane har relativt lite rom for å påverke storleiken på inntektene. Eit viktig unntak er eigedomsskatten. Gjennom skattereglar og skattøyre, rammeløyvingar og øyremerkte løyvingar fastset staten langt på veg nivået på inntektene til kommunane. Difor er det særstakt viktig at det er samsvar mellom dei oppgåvane kommunane har ansvaret for, og dei ressursane som blir stilte til disposisjon. Det gjeldande finansieringsprinsippet er at kommunane skal kompenserast fullt ut for meirutgiftene når dei blir tillagde nye oppgåver, og ved endringar i regelverk eller andre endringar som inneber meirutgifter. Tilsvarande skal inntektsrammene til kommunane reduserast dersom dei blir avlasta for oppgåver.

4 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 – DRIFT

Rådmannen presenterer her framlegget til driftsbudsjetten, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde tiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei driftstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærmere omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

Betalingssatsar ligg føre i separat vedlegg.

4.1 Driftsbudsjetten

4.1.1 Budsjettkjema 1A

| | Regnskap 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Skatt på inntekt og formue | -119 524 | -126 388 | -133 521 | -133 521 | -133 521 | -133 521 |
| Ordinært rammetilskudd | -149 756 | -146 095 | -151 464 | -151 464 | -151 464 | -151 464 |
| Skatt på eiendom | -6 138 | -6 673 | -9 150 | -9 576 | -10 025 | -10 495 |
| Andre direkte eller indirekte skatter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre generelle statstilskudd | -18 820 | -21 362 | -11 245 | -11 245 | -11 245 | -11 245 |
| Sum frie disponibele inntekter | -294 237 | -300 518 | -305 380 | -305 806 | -306 255 | -306 725 |
| Renteinntekter og utbytte | -1 933 | -2 373 | -2 874 | -2 874 | -2 874 | -2 874 |
| Gevinst på finansielle instrumenter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter provisjoner og andre finansutgifter | 5 914 | 6 276 | 7 274 | 7 977 | 8 039 | 8 070 |
| Tap på finansielle instrumenter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 12 683 | 12 542 | 13 380 | 14 639 | 15 141 | 15 282 |
| Netto finansinntekter/-utgifter | 16 665 | 16 444 | 17 780 | 19 742 | 20 306 | 20 478 |
| Dekning av tidl års regnskm merforbruk | 5 574 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til bundne avsetninger | 2 893 | 1 126 | 1 126 | 1 126 | 1 126 | 1 126 |
| Til ubundne avsetninger | 2 493 | 1 130 | 1 232 | 100 | 459 | 565 |
| Bruk av tidl års regnskm mindreforbruk | -2 493 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne avsetninger | 0 | -306 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne avsetninger | -2 460 | -1 452 | -1 695 | -1 695 | -1 695 | -1 695 |
| Netto avsetninger | 6 007 | 497 | 662 | -470 | -111 | -5 |
| Overført til investeringsbudsjettet | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til fordeling drift | -271 565 | -283 577 | -286 938 | -286 533 | -286 060 | -286 252 |
| Sum fordelt til drift fra skjema 1B | 261 259 | 283 577 | 286 938 | 286 533 | 286 060 | 286 252 |
| Merforbruk/mindreforbruk | -10 306 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Tabellen er i 1000 kroner med løns- og prisframskriving for 2018. Kolonnane for 2019, 2020 og 2021 er i 2018-kroner (eigedomsskatten er basert på auke i verdigrunnlag og volum).

Denne tabelloppstillinga er obligatorisk og gjev ei samla oversikt over alle utgifter og inntekter knytt til drifta.

Ein viktig del av innhaldet i denne oppstillinga gjeld finansområdet som ikkje er vist og kommentert i sektorområda, og finansområdet vert derfor presentert her.

4.1.2 Finansområdet

Dette er ikkje ein sektor i tradisjonell forstand, men eit område som fangar opp overgripande finansielle utgifter og inntekter som ikkje ligg inne i dei tenesteproduserande sektorane.

Handlingsprogram 2018 - 2021

Her vert ført generelle inntekter knytta til skatt, rammeoverføringer frå staten, diverse tilskot, renteinntekter og –utgifter, avdrag på lån mv.

Nettoinntektene på denne sektoren skal dekkje opp nettoutgiftene for administrasjon og tenesteproduksjon innan dei ordinære sektorane.

Rådmannen sitt forslag til budsjett for finansområdet:

| Konto Kontonamn | Regnskap 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| 10901 Pensjon premieavvik | -1 029 | -5 024 | -5 150 | -5 150 | -5 150 | -5 150 |
| 10991 Arbeidsgjeveravgift premieavvik | -155 | -709 | -727 | -727 | -727 | -727 |
| 11302 Banktenester og gebyr | 10 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 12700 Konsulenttjenester | 14 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 14700 Overføringer til andre | 300 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 14701 Tap på krav | 39 | 35 | 35 | 35 | 35 | 35 |
| 15000 Renteutgifter | 5 474 | 5 881 | 6 883 | 7 586 | 7 647 | 7 679 |
| 15001 Morarenter | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 15100 Avdrag på lån | 12 683 | 12 539 | 13 377 | 14 637 | 15 139 | 15 280 |
| 15300 Dekning tidlegare års rekneskapsunderskudd | 5 574 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 15400 Avsetning til disposisjonsfond | 2 493 | 1 130 | 1 232 | 100 | 459 | 565 |
| 15800 Årets rekneskapsmessige overskot | 10 306 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 15901 Kalkulatoriske renter og avdrag | -1 472 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum utgifter | 34 238 | 13 853 | 15 651 | 16 482 | 17 404 | 17 682 |
| 18000 Rammetilskot | -128 790 | -131 506 | -137 703 | -137 703 | -137 703 | -137 703 |
| 18001 Inntektsutjamning | -20 966 | -14 589 | -13 761 | -13 761 | -13 761 | -13 761 |
| 18100 Statstilskot | -9 115 | -7 420 | -11 145 | -11 145 | -11 145 | -11 145 |
| 18101 Statstilskot - øyremerka | -3 112 | -6 422 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 18700 Skatt på inntekt og formue | -119 524 | -126 388 | -133 521 | -133 521 | -133 521 | -133 521 |
| 18750 Eigedomskatt bustadar og fritidseigedomar | -6 138 | -6 673 | -9 150 | -9 576 | -10 025 | -10 495 |
| 19000 Renteinntekter | -317 | -300 | -300 | -300 | -300 | -300 |
| 19001 Renteinntekt bankinnsk. overf. bundne fond | 60 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 19003 Morarenter | -24 | -30 | -30 | -30 | -30 | -30 |
| 19050 Utbytte, aksjer o.l. | -1 299 | -1 700 | -2 201 | -2 201 | -2 201 | -2 201 |
| 19300 Disponering av rekneskapsmessig overskot | -2 493 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | 0 | -306 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 19900 Motpost avskrivninger | -3 054 | -3 086 | -3 086 | -3 086 | -3 086 | -3 086 |
| 19901 Motpost kalk. renter og avdrag | 0 | -1 413 | -1 413 | -1 413 | -1 413 | -1 413 |
| Sum inntekter | -294 772 | -299 833 | -312 310 | -312 736 | -313 185 | -313 655 |
| Netto | -260 533 | -285 980 | -296 660 | -296 255 | -295 782 | -295 973 |

4.1.3 Kommentar til nokre av postane

4.1.3.1 Netto premieavvik

Netto premieavvik som blir ført på finansområdet, er ikke kommentert andre stadar i budsjettforslaget og blir gjort her.

Budsjettering av premieavvik har vist seg å vere ein risikosport. Vi har tidlegare år nytt info frå KLP og statens pensjonskasse som grunnlag for utrekninga, men resultatet i høve til budsjettet har vist store avvik.

Med bakgrunn i data frå KLP og Statens pensjonskasse vil resultatet for 2018 bli slik:

Tal i 1000 kr

| | |
|---|---------------|
| Premieavvik KLP | -9 288 |
| Premieavvik Statens pensjonskasse | -314 |
| Sum premieavvik | -9 602 |
| Amortisering av tidlegare års premieavvik KLP | 3 285 |
| Amortisering av tidlegare års premieavvik SPK | -80 |
| Sum amortisering | 3 205 |
| Netto premieavvik | -6 397 |
| Avbeidsgjevaravgift 14,1% | -902 |
| Netto premieavvik inkl arbeidsgjevaravgift | -7 299 |

Rådmannen vel å redusere prognosen slik at den omkring svarar til fjar årets budsjett. Budsjettert netto premieavvik utgjer då -5 877.

Altså eit netto premieavvik på 1,42 mill. kroner mindre enn prognosegrunnlaget. Dette på grunnlag av erfaring viser at det er store avvik i forhold til den opphavelege prognosene frå KLP og SPK.

4.1.3.2 Tap på krav

Her er beløpet justert til historisk verdi.

4.1.3.3 Renteutgifter

Denne posten omfattar:

Renter på kommunens lånemasse.

Budsjettforslaget er basert på ei gjennomsnittsrenter på vel 1,6% av ei lånemasse på 413 mill. kr. I dette grunnlaget ligg ein nettoauke av lånemassen for 2018 (nye lån minus avdrag på lån) på om lag 66 mill. kroner. Samla gjev dette ein rentekostnad på 6,668 mill. kroner på eksisterande lånegjeld. I tillegg er det laga eit tiltak for rentesikring av delar av lånemassen. For 2018 utgjer dette 212 000 kroner. Totale rentekostnader blir då 6,88 mill. kroner.

4.1.3.4 Avdrag på lån

I budsjettet for 2018 er det sett opp om lag 13,4 mill. kroner til låneavdrag. Dette ein auke på om lag 800 000 kroner. Må sjåast i samanheng med auka lånemasse.

4.1.3.5 Til dekning av tidlegare års meirforbruk

Hareid kommune er meld ut av Robek-lista i 2017. Derfor er denne posten sett i null.

4.1.3.6 Avsetning til disposisjonsfond

Kommunen har eit sterkt behov for å ha ein buffer for negative budsjettavvik og uføresette hendingar både på utgifts- og inntektssida. Det er eit mål å oppretthalde eit årleg beløp tilsvarande budsjettet for 2017 i 2018, på rundt ein mill. kroner. Det har ikkje vært mogleg for økonomiplanperioden etter 2018.

4.1.3.7 Rammetilskot inkl. inntektsutjamning og ordinært skjønstillskot samt skatt på inntekt og formue

I forslaget til statsbudsjett i Grønt hefte som inneholder alle føresetnadane for rammetilskot, utgiftsutjamning, inntektsutjamning og ordinært skjønstillskot, er det lagt til grunn i prognosene eit folketal i Hareid kommune på 5 164 innbyggjarar pr. 1.7.2017.

Rådmannen trur føresetnadane i Grønt hefte er realistiske for Hareid med omsyn til folketalet.

4.1.3.8 Skatt på eigedom

Handlingsprogram 2018 - 2021

Utrekningane er basert på dette grunnlaget:

Grunnleggjande føresetnader:

3 573 306 Omsetningsverdi (formuesgrunnlag) i tusen kroner nytta i 2016 for utrekning av egedomsskatt basert på likningsverdi for 2014

1 737 Tal på bustadar skattelagt med bakgrunn i likningsverdi **1793**

2 057 171 Gjennomsnittleg omsetningsverdi pr bustad basert på likningsverdi

233 000 Omsetningsverdi for egedomar med fastsett verdi etter taksering

20 000 Verdi av nybygg pr m² (grunnlag for utrekning av skattegrunnlag for ny bustadmasse)

1 000 Årleg vekst i m² for ny bygningsmasse

13 000 Verdigrunnlag for bygg pr m² ved taksering av eksisterande bygningsmasse

80 % skattegrunnlagsfaktor for egedomar basert på ligningsverdi (reduksjonsfaktor)

Omsetningsverdi etter taksering gjev ingen reduksjon i skattegrunnlaget

5 % årleg auke i likningsverdi

Ingen auke i kostnader knytt til forvaltning av egedomsskatteordninga (oppdatering egedomsmasse, vedlikehald av system og innkreving)

Skattegrunnlag (tal i tusen kroner)

| | B2017 | B2018 | B2019 | B2020 | B2021 |
|--|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Skattegrunnlag basert på likningsverdi | 3 867 495 | 4 060 870 | 4 263 913 | 4 477 109 | 4 700 964 |
| Årleg auke i skattegrunnlaget basert på likningsverdi | 193 375 | 203 043 | 213 196 | 223 855 | 235 048 |
| Auke i skattegrunnlag pga netto nybygging | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| Sum skattegrunnlag basert på likningsverdi utan lovregulert reduksjon | 4 080 870 | 4 283 913 | 4 497 109 | 4 720 964 | 4 956 013 |
| Skattegrunnlag basert på taksering | 233 000 | 233 000 | 233 000 | 233 000 | 233 000 |
| Skattegrunnlag basert på likningsverdi med lovregulert reduksjon | 3 264 696 | 3 427 131 | 3 597 687 | 3 776 771 | 3 964 810 |
| Sum skattegrunnlag | 3 497 696 | 3 660 131 | 3 830 687 | 4 009 771 | 4 197 810 |

Her er vist konsekvensane for storleiken på egedomsskatten med alternative promillesatsar

Egedomsskatt, ingen auke fra dagens 2 promille

| | | | | | |
|------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Skattesats promille | 2,00 | 2,00 | 2,00 | 2,00 | 2,00 |
| Utilikna egedomsskatt | 6 995 | 7 320 | 7 661 | 8 020 | 8 396 |

Egedomsskatt, auke til 2,5 promille

| | | | | | |
|------------------------------|--------------|--------------|--------------|---------------|---------------|
| Skattesats promille | 2,00 | 2,50 | 2,50 | 2,50 | 2,50 |
| Utilikna egedomsskatt | 6 995 | 9 150 | 9 577 | 10 024 | 10 495 |

Egedomsskatt, auke til 3 promille

| | | | | | |
|------------------------------|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Skattesats promille | 2,00 | 3,00 | 3,00 | 3,00 | 3,00 |
| Utilikna egedomsskatt | 6 995 | 10 980 | 11 492 | 12 029 | 12 693 |

Egedomsskatt, auke til 3,25 promille

| | | | | | |
|------------------------------|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Skattesats promille | 2,00 | 3,25 | 3,25 | 3,25 | 3,25 |
| Utilikna egedomsskatt | 6 995 | 11 895 | 12 450 | 13 032 | 13 643 |

:Konsekvensar for ein enkelt bustad:

| | | | | | |
|---|-------|-------|-------|-------|-------|
| Skattesats promille | 2,00 | 2,50 | 3,00 | 3,25 | 4,00 |
| Egedomsskatt i kr for bustad på 120 m ² P-ROM, Hareid kommune basert på takseringsgrunnlag | 2 496 | 3 120 | 3 744 | 4 056 | 4 992 |

Samanlikningar med andre:

| | 2017 |
|---------------------|------|
| 0111 Hvaler | 5000 |
| 1449 Stryn | 2700 |
| 1502 Molde | 6900 |
| 1535 Vestnes | 5760 |
| 1554 Averøy | 6580 |
| 1563 Sunndal | 2200 |

Med bakgrunn i investeringsbehovet som er avdekkja finn rådmanen det naudsynt å fremme ein auke på 0,50/oo i skattesatsen frå 2,0 til 2,50/oo. Dette er lagt inn i forslaget.

4.1.3.9 Generelle statstilskot

Det blir i år 2018 ikkje budsjettert med noko statstilskot på ressurssenteret, og inntekta førast i sin heilhet på finansområdet. Det er teke høgde for ti nye flyktningar busett i Hareid i 2018 i budsjettet. Totalt utrekna beløp utgjer då 11 145 000. Om ein i staden føresett fem nye flyktningar i Hareid i 2018 går beløpet ned med ein million kr.

4.1.3.10 Øyremerka statstilskot

Dette utgår i 2018 budsjettet. Gjaldt tiltakspakken i 2017.

4.1.3.11 Generelle renteinntekter på konti

Ein føresett relativt stabile rentar på innskot, og holder på budsjettbeløpet frå 2017 på 300 000 kr.

4.1.3.12 Morarenter

Dette er kostnadar forbundet med purringar sendt til kommunen. Det er satt av 14 000 kr totalt for heile kommunen (inkl. finansområdet).

4.1.3.13 Utbytte på aksjar og liknande.

Utbytte frå Tussa-aksjane i 2018 er utdelt utbytte frå selskapet for 2017. Hareid kommune eig 201 aksjar i selskapet eller 6,63% av aksjekapitalen. Det blir rekna på gjennomsnitt for overskot over dei tre siste åra. For utbytte i 2018 er det gjennomsnittet av 2017, 16 og 15 som blir utslagsgivande.

Utbytte i 2017 ble 1,6 mill. kr mot budsjettet 1,7 mill. kr. Vi føresett eit betre resultat for 2017, enn året 2014 som det erstattar, og aukar til 2,2 mill. kr i 2018.

4.1.3.14 Motpost avskrivingar

Dette gjeld motpost til avskrivingar for dei sjølvfinansierande områda vassforsyning og avløp. Rekneskapsføringa her er reint teknisk for å nulle ut ei kalkulatorisk avskriving. Det er nytta same beløp som kjem fram under dei tilsvarende utgiftspostane under sjølvfinansierande ansvarsområde.

4.1.3.15 Motpost kalk. renter og avdrag

Her gjeld det same som for avskrivingar, dvs. ei rekneskapsteknisk føring for å nulle ut ei tilsvarende utgiftsføring på områda for vassforsyning og avløp. Det er nytta same beløp som kjem fram under dei tilsvarende utgiftspostane under sjølvfinansierande ansvarsområde.

4.1.3.16 Overført til investeringsregnskapet

Det er ikkje føresett overført driftsmidlar til investeringsbudsjettet. Tidlegare var det her avsett midlar til dekning av eigenkapitalinskot i KLP, men det er til dette formålet no føreset bruk av ubundne investeringsfond (kan ikkje bruke lån som finansieringskjelde).

4.1.3.17 Sum til fordeling drift.

Dette er netto driftsutgifter for finansansvaret. Det er ikkje same talet som i skjema 1A. Det er fordi kommunen fører på konti som inngår i skjema 1A på andre ansvar enn finansansvaret. I tillegg fører kommunen på konti som inngår i skjema 1B på finansområdet også. Samla sett kan derfor ikkje netto driftsutgifter for finansområdet tilsvara skjema 1A.

4.1.4 Budsjettkjema 1B - Netto bindande budsjettramme for resultateiningane

Tal i 1000 kroner

| Sektor | Resultateining | Regnskap | Budsjett | Budsjett | Budsjett | Budsjett | Budsjett |
|---------------------------------------|-------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| ■ SENTRALADMINISTRASJONEN | IKT-AVDELING | 260 | 484 | 756 | 756 | 756 | 756 |
| | PERSONALAVDELING | 2 276 | 2 367 | 3 144 | 3 144 | 3 144 | 3 144 |
| | POLITISK STYRING OG KONTROLL | 2 473 | 2 549 | 2 471 | 2 844 | 2 481 | 2 773 |
| | RÅDMANN | 3 520 | 2 606 | 2 686 | 2 686 | 2 686 | 2 686 |
| | SERVICETORGET | 4 666 | 4 755 | 4 471 | 4 471 | 4 471 | 4 471 |
| | ØKONOMIAVDELING | 2 954 | 3 680 | 3 885 | 3 885 | 3 885 | 3 885 |
| SENTRALADMINISTRASJONEN Totalt | | 16 149 | 16 441 | 17 413 | 17 786 | 17 423 | 17 715 |
| ■ LÆRING OG KULTUR | BIBLIOTEK | 1 310 | 1 503 | 1 527 | 1 527 | 1 527 | 1 527 |
| | BIGSET BARNEHAGE | 7 098 | 8 174 | 7 373 | 7 373 | 7 373 | 7 373 |
| | BIGSET SKULE | 9 006 | 10 081 | 9 721 | 9 721 | 9 721 | 9 721 |
| | HAREID BARNEHAGE | 3 648 | 3 957 | 3 473 | 3 473 | 3 473 | 3 473 |
| | HAREID MUSIK- OG KULTURSKULE | 1 988 | 2 106 | 2 341 | 2 341 | 2 341 | 2 341 |
| | HAREID SKULE | 23 590 | 26 250 | 25 538 | 25 538 | 25 538 | 25 538 |
| | HAREID UNGDOMSKULE | 21 918 | 22 151 | 23 157 | 23 157 | 23 157 | 23 157 |
| | HJØRUNGAVÅG SKULE | 7 056 | 8 219 | 8 584 | 8 584 | 8 584 | 8 584 |
| | KULTURKONTOR | 1 268 | 830 | 614 | 1 005 | 1 005 | 1 005 |
| | KULTURTILTAK | 1 062 | 1 167 | 1 379 | 1 379 | 1 379 | 1 379 |
| | OPPVEKSTKONTOR | 31 183 | 32 110 | 34 597 | 34 597 | 34 497 | 34 397 |
| | RESSURSSENTER | 3 545 | 9 712 | 8 248 | 8 248 | 8 248 | 8 248 |
| | SYVERPLASSEN BARNEHAGE | 6 611 | 7 169 | 6 977 | 6 977 | 6 977 | 6 977 |
| LÆRING OG KULTUR Totalt | | 119 283 | 133 427 | 133 529 | 133 919 | 133 819 | 133 719 |
| ■ SAMFUNSUTVIKLING | BRANNVERN | 4 697 | 5 145 | 5 732 | 5 732 | 5 732 | 5 732 |
| | BYGG | 10 125 | 13 515 | 10 469 | 10 069 | 10 069 | 10 069 |
| | KOMMUNAL TEKNIKK | 5 752 | 7 921 | 6 309 | 6 309 | 6 309 | 6 309 |
| | NÆRINGERSTILTAK | 396 | 175 | 579 | 579 | 579 | 579 |
| | PLAN, BYGGESAK OG GEODATA | 3 687 | 3 590 | 3 756 | 3 451 | 3 441 | 3 441 |
| | SAMFUNSKONTOR | 1 815 | 1 899 | 4 213 | 3 813 | 3 813 | 3 813 |
| | SJØLVKOSTOMRÅDE | 680 | -82 | 909 | 909 | 909 | 909 |
| | TRUSAMFUND | 3 455 | 4 127 | 4 185 | 4 185 | 4 185 | 4 185 |
| SAMFUNSUTVIKLING Totalt | | 30 608 | 36 289 | 36 151 | 35 046 | 35 036 | 35 036 |
| ■ VELFERD | BARNEVERN OG SOSIALKONTOR | 9 411 | 10 942 | 10 845 | 10 845 | 10 845 | 10 845 |
| | BU- OG HABILITERING | 16 468 | 16 937 | 17 184 | 17 184 | 17 184 | 17 184 |
| | HEIMETENESTE EINING 1 | 13 370 | 12 950 | 13 458 | 13 458 | 13 458 | 13 458 |
| | HEIMETENESTE EINING 2 | 5 760 | 6 526 | 6 714 | 6 714 | 6 714 | 6 714 |
| | HELSE OG KOORDINERANDE EINING | 14 128 | 17 094 | 17 598 | 17 598 | 17 598 | 17 598 |
| | KJØKKEN | 3 632 | 3 581 | 3 782 | 3 782 | 3 782 | 3 782 |
| | NAV-KOMMUNE | 5 529 | 5 947 | 5 936 | 5 873 | 5 873 | 5 873 |
| | SKJERMA EINING | 9 496 | 9 036 | 9 203 | 9 203 | 9 203 | 9 203 |
| | SOMATISK EINING | 18 233 | 18 896 | 19 054 | 19 054 | 19 054 | 19 054 |
| | VELFERDSKONTOR | 4 539 | 5 707 | 6 412 | 6 412 | 6 412 | 6 412 |
| VELFERD Totalt | | 100 567 | 107 617 | 110 186 | 110 122 | 110 122 | 110 122 |
| ■ FINANS | FINANS | -5 347 | -10 198 | -10 341 | -10 341 | -10 341 | -10 341 |
| | FINANS Totalt | -5 347 | -10 198 | -10 341 | -10 341 | -10 341 | -10 341 |
| Totalsum | | 261 259 | 283 577 | 286 938 | 286 533 | 286 060 | 286 252 |

4.1.5 Kommentar til 1B

Endringar i høve til budsjett 2017 er vist og kommentert i dei einskilde sektordelane. Her er det og oversikt over løns- og prisstigning, konsekvensjustering, og nye tiltak.

I vedleggsdelen til budsjettet er vist alle endringar på ansvarsnivå.

5 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 – INVESTERING

Rådmannen presenterer her framlegget til investeringsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde investeringstiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei investeringstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærmere omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode/nummerering som er i samsvar med dei nummer som blir tildelt i budsjetteringsprogrammet Arena. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

Sidan Arena sorterer prosjekta alfabetisk, så gjeld det same her med den konsekvens at prosjektnummera ikkje kjem etter kvarandre.

5.1 Investeringsbudsjett

5.1.1 Budsjettkjema 2A

Budsjettkjema 2A viser eit samandrag av investeringane og korleis dei er finansiert.

5.1.1.1 Alle investeringane

1000 kroner

| Investeringsutgifter Alle prosjekt | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 |
|--|-----------------|----------------|----------------|---------------|
| Investeringer i anleggsmidler | 101 374 | 72 750 | 10 500 | 8 950 |
| Utlån og forskutteringer | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Årets finansieringsbehov | 101 374 | 72 750 | 10 500 | 8 950 |
| Bruk av lå nemidler | -79 489 | -62 408 | -7 660 | -6 000 |
| Inntekter fra salg av anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilskudd til investeringer | -5 107 | -454 | -1 000 | -1 000 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -14 779 | -8 388 | -1 340 | -1 450 |
| Mottatte avdrag på utlån og refusjoner | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum ekstern finansiering | -99 374 | -71 250 | -10 000 | -8 450 |
| Overført fra driftsregnskapet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av avsetninger | -2 000 | -1 500 | -500 | -500 |
| Sum finansiering | -101 374 | -72 750 | -10 500 | -8 950 |

5.1.1.2 Dei sjølvfinansierande investeringane (VA=vatn og avløp)

1000 kroner

| Investeringsutgifter Sjølvfinansierande prosjekt | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 |
|--|----------------|----------------|---------------|---------------|
| Investeringar i anleggsmidler | 25 000 | 29 300 | 1 200 | 1 200 |
| Årets finansieringsbehov | 25 000 | 29 300 | 1 200 | 1 200 |
| Bruk av lånemidler | -25 000 | -29 300 | -1 200 | -1 200 |
| Sum ekstern finansiering | -25 000 | -29 300 | -1 200 | -1 200 |
| Sum finansiering | -25 000 | -29 300 | -1 200 | -1 200 |

5.1.1.3 Alle investeringane med unntak av dei sjølvfinansierande (VA)

1000 kroner

| Investeringsutgifter Ordinære prosjekt | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 |
|--|----------------|----------------|---------------|---------------|
| Investeringar i anleggsmidler | 76 374 | 43 450 | 9 300 | 7 750 |
| Utlån og forskutteringer | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års udekke | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Årets finansieringsbehov | 76 374 | 43 450 | 9 300 | 7 750 |
| Bruk av lånemidler | -54 489 | -33 108 | -6 460 | -4 800 |
| Inntekter fra salg av anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilskudd til investeringar | -5 107 | -454 | -1 000 | -1 000 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -14 779 | -8 388 | -1 340 | -1 450 |
| Mottatte avdrag på utlån og refusjoner | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum ekstern finansiering | -74 374 | -41 950 | -8 800 | -7 250 |
| Overført fra driftsregnskapet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av avsetninger | -2 000 | -1 500 | -500 | -500 |
| Sum finansiering | -76 374 | -43 450 | -9 300 | -7 750 |
| Udekke/udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 |

5.1.2 Kommentar til budsjettkjema 2A

I høve til dei seinare åra under ROBEK med dei avgrensingar det inneber med omsyn til investeringsnivået, gjev dette budsjettet/økonomiplanen ein større fridom sidan ein gjekk ut av ROBEK i 2017. Dette har nok påverka det investeringsprogrammet som blir lagt fram, sjølv om det er den totale økonomien som bestemmer kva rom ein har eller lagar seg for investeringar.

Det er låneopptak utover det vi betalar ned i avdrag på eksisterande lånemasse som belastar driftsbudsjettet. Og dette gjeld for dei investeringane som ikkje er sjølvfinansierande. Sjølvfinansierande prosjekt er hovudsakeleg vassforsyning og avløp.

I oppstillinga over er det derfor skilt mellom «Ordinære prosjekt» og «Sjølvfinansierande prosjekt». Så det må ha fokus på når det gjeld belastninga på netto driftsbudsjett er nye låneopptak på «Ordinære prosjekt».

Det som i stor grad er med på å auke den driftsbelastande gjelta i perioden er nytt helsecenter, tilrettelegging for bustadutbygging (grunnkjøp og infrastruktur) og kommunale bustadar.

Det har vært ei stor utfordring å få plass til alle behova. Rådmannen legg fram eit forslag til ramme for nytt helsehus som er vurdert som berekraftig for kommunen utan å auke eigedomsskatten utover den halve promillen som ligg inne i forslaget.

5.1.3 Budsjettsekjema 2B på investeringsprosjektnivå

1000 kroner

| Prosjekt nummer | Investeringsutgifter | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 |
|--|---|---------------|---------------|--------------|--------------|
| I - 8 | Hareid kommune sin andel av investeringar SSIKT 2018 | 1 719 | 0 | 0 | 0 |
| I - 10 | Møbler fellesområde | 125 | 0 | 0 | 0 |
| I - 25 | Ny fiberkabel Hareid Skule - Sjukeheimen | 375 | 0 | 0 | 0 |
| I - 137 | Ordførarkontor og publikumsområdet ved kommunestyresalen. | 100 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Sentraladministrasjonen | | 2 319 | 0 | 0 | 0 |
| I - 130 | Datamaskiner og infrastruktur | 1 250 | 0 | 0 | 0 |
| I - 4 | Hareid musikk- og kulturskule - undervisningsbrakker 2018 | 150 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Læring og kultur | | 1 400 | 0 | 0 | 0 |
| I - 2 | Nr. 1 MÅ - Vedtatt 2017 Velferdsteknolog- pasientsignalanlegg 2018 | 1 550 | 450 | 0 | 0 |
| I - 1 | Nr. 2 MÅ - Vedtatt 2017. Velferdsteknolog - tryggleiksalarm heimebuande 2018 | 500 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Velferd | | 2 050 | 450 | 0 | 0 |
| I - 109 | Belysning og himling på Hjørungavåg skule | 688 | 0 | 0 | 0 |
| I - 78 | Bustadfelt Holstad vedteke i 2017 | 500 | 2 100 | 2 100 | 0 |
| I - 74 | Bustadfelt Pålhaugen 2 | 125 | 1 800 | 0 | 0 |
| I - 75 | Bustadfelt Pålhaugen 3 | 450 | 2 500 | 0 | 0 |
| I - 104 | Bygging av 8 leiligheter | 15 750 | 0 | 0 | 0 |
| I - 23 | B1 - Bustadfelt Holstad - Grunnkjøp - Vedteke 2017 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| I - 70 | B10 - Ymse grunnkjøp | 500 | 500 | 500 | 500 |
| I - 71 | B11 - Kyrkjegata - Grunnkjøp | 500 | 0 | 0 | 0 |
| I - 90 | B2 - Bustadfelt Pålhaugen 2 - grunnkjøp - Vedtatt i 2017 | 1 000 | 1 000 | 0 | 0 |
| I - 111 | Fiber for alle | 200 | 0 | 0 | 0 |
| I - 110 | Fiberkabel Bjästad Røyset | 100 | 0 | 0 | 0 |
| I - 97 | Gatelys - Bytte ut armaturer i Hareid | 500 | 500 | 500 | 500 |
| I - 99 | Gjerdeelva, Forebygging | 480 | 0 | 0 | 0 |
| I - 115 | Gjerdeelva, sikring av overvatn | 500 | 0 | 0 | 0 |
| I - 14 | Hareid kyrkje - nytt golv og varmesystem | 200 | 2 800 | 0 | 0 |
| I - 136 | Helsehus for legesenter og helsestasjon | 31 250 | 18 750 | 0 | 0 |
| I - 66 | Industriområde Risneset | 0 | 0 | 300 | 1 000 |
| I - 77 | Miljøgateprosjektet - Kjøpmannsgata vedteke i 2017 | 3 300 | 0 | 0 | 0 |
| I - 27 | MÅ - Øvstevegen i Brandal | 2 250 | 0 | 0 | 0 |
| I - 69 | M2 - Flyfotografering 2020 | 0 | 0 | 150 | 0 |
| I - 133 | Nye vinduer på sjukeheimen | 275 | 0 | 0 | 0 |
| I - 123 | Ombygging av 4. etg. på sjukeheimen | 938 | 0 | 0 | 0 |
| I - 55 | Opprusting av Røysetvegen | 250 | 7 600 | 0 | 0 |
| I - 48 | Parken - Åsendalen 2017 | 250 | 1 750 | 3 750 | 3 750 |
| I - 81 | Rundkøyring Holstad - Førebuing vedteke 2017 | 2 300 | 1 700 | 0 | 0 |
| I - 116 | Skredvoll Brandal | 300 | 0 | 0 | 0 |
| I - 102 | Vindu og fasader på rådhuset | 6 000 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Kommunalteknisk drift Ordinære prosjek | | 70 605 | 43 000 | 9 300 | 7 750 |

| | | | | | |
|---|--|----------------|---------------|---------------|--------------|
| I - 82 | Avløp i sentrum | 4 000 | 0 | 0 | 0 |
| I - 119 | Avløp Bjåstad - Røyset vedteke i 2017 riktig versjon | 7 000 | 4 000 | 0 | 0 |
| I - 91 | Avløp Pålhaugen | 100 | 1 000 | 0 | 0 |
| I - 79 | Fornying / opprusting av djupvasskaia på Godsterminalen | 400 | 6 000 | 0 | 0 |
| I - 41 | Fornyng /rehabilitering avløpsnett | 800 | 800 | 800 | 800 |
| I - 43 | Fornyng /rehabilitering vassledningsnett | 400 | 400 | 400 | 400 |
| I - 94 | Hovudplan for avløp | 100 | 100 | 0 | 0 |
| I - 93 | Hovudplan for vassforsyning | 500 | 0 | 0 | 0 |
| I - 72 | Ny hovudkloakk Pålhaugen og kyrkjegata 2017 | 700 | 0 | 0 | 0 |
| I - 45 | Ny vassledning Pålhaugen og Kyrkjegata 2017 | 300 | 0 | 0 | 0 |
| I - 45 | Nye sjøleidningar - hovudutslepp kloakk | 500 | 7 000 | 0 | 0 |
| I - 46 | Nytt inntaksarrangement Hammarstøylvatn vedtatt 2017 | 2 000 | 0 | 0 | 0 |
| I - 87 | Oppgradering av pumpestasjonar på Leira og Raffelneset | 1 000 | 0 | 0 | 0 |
| I - 49 | Rehabilitering av betongkai 2017 | 200 | 6 000 | 0 | 0 |
| I - 53 | Vatn Bjåstad - Røyset vedteke 2017 | 7 000 | 4 000 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Kommunalteknisk drift VA-prosjekt | | 25 000 | 29 300 | 1 200 | 1 200 |
| Sum investeringsutgifter i anleggsmidlar | | 101 374 | 72 750 | 10 500 | 8 950 |


5.1.4 Kommentar til budsjettetskjema 2B

Kommentar til det enkelte prosjekt er å finne under sektorkommentarane.

6 SEKTOR FOR SENTRALADMINISTRASJONEN

Rådmann Ragnhild Velsvik Berge

6.1 Sektorstruktur



| Sektor for læring og kultur | Sektor for samfunnsutvikling | Sektor for velferd |
|--|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">▪ Kultur▪ Musikk- og kulturskule▪ Bibliotek▪ Ressurssenteret▪ Barnehage▪ Grunnskule | <ul style="list-style-type: none">▪ Plan- byggesak og geodata▪ Kommunalteknikk▪ Kommunal eigedom: forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling – FDVU▪ Forankring for diverse interkommunale samarbeid som landbruk og brann▪ Soknet | <ul style="list-style-type: none">▪ Helse- og koordinerande eining▪ Heimetenester▪ Institusjonstenester▪ Bu – og habiliteringsteneste▪ Sentralkjøkken▪ NAV▪ Forankring for interkommunalt samarbeid: Barnevern |

Kommunen har frå 1.01.18 sektororganisering med tre kommunalsjefar med underliggende einingsleiarar. Ein assisterande rådmann er leiar for stab/støtte, og samstundes rådgjevar for rådmannen og kommunalsjefane. Rådmannen si leiargruppe er definert til assisterande rådmann og dei tre kommunalsjefane. Rådmannen har personalansvar for assisterande rådmann og

Kommunalsjefane. Ass rådmann har leiaransvar for staben. Økonomileiar møter i leiagrupsa i saker av økonomisk karakter.

6.1.1 Om tenestene

Sentraladministrasjonen utfører dei fleste av dei sentrale stab- og støttetenestene, som tenester innanfor økonomi-, personal-, og organisasjonsforvaltning og ITK. Servicetorget utfører i tillegg til interne tenester til administrativt og politisk nivå, samt diverse tenester til publikum.

Eit viktig fokus for sentraladministrasjonen er dessutan å legge til rette for den politiske aktiviteten gjennom saksførebuingar og gjennomføring av politiske vedtak. Alle einingane i sentraladministrasjonen er potensielle aktørar i dette arbeidet.

Rådmannen er bindeleddet mellom politisk og administrativt nivå. Rådmannen har eit særskilt ansvar for at saker som leggast fram for folkevald organ har fått ei forsvarleg utgreiing og at vedtak blir sett i verk. Vidare skal rådmannen syte for at kommunedrifta ligg innanfor gjeldande lover, forskrifter og overordna instruksar, samt syte for forsvarleg kontroll (jf. kml. §23.2.)

6.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Med utgangspunkt i kommunelova sitt kapittel 8 skal kommunen skal kvart år vedta budsjett og handlingsprogram som skal tilfredsstille dei gitte og absolutte krava. Sentrale premissar er kommunen si økonomiske stilling, tenestestatusen i driftseiningane, samt føringar frå statsbudsjettet og lokalt politisk nivå.

Rådmannen skal ta i vare dei ulike perspektiva innanfor økonomi, organisasjon, teneste og lokalsamfunn. Rådmannen prioritærer innanfor rammene i framlegg til budsjett og handlingsprogram.

6.2 Årsverk og driftstiltak

6.2.1 Årsverksutvikling

| Eining | Årsverk 01.10.2015 | Årsverk 01.10.2016 | Årsverk 2017 | Årsverk 2018 |
|----------------------|-----------------------|-----------------------|----------------------|-----------------|
| Rådmannskontoret | 2,36 | 2,55 | 3,09 men brukte 2,38 | 2 |
| Økonomiavdelinga | 4,75 | 5,12 | 5,3 | 4,9 |
| Personalavdelinga | 3,4 | 3,4 | 3,0 | 3,0 |
| Servicetorget | 4,0 | 4,5 | 4,5 | 5,0 |
| Samla årsverk | 14,51 | 15,57 | 15,18 | 14,9 |

Rådmannskontoret har auka med 100 % stilling assisterande rådmann. Rådmannen hadde rådgjevarressurs tilsvarande 138% stilling. 100 % rådgjevar er overført til sektor for samfunnsutvikling. Lønsmidlar tilsvarande 10 % er ført over til servicetorget, dei andre 28 % er saldert. Servicetorget har også fått overført 40 % frigjort stilling frå økonomiavdelinga. Denne til saman 50 % stillinga er planlagt å lyse ut saman med ei anna 50 % vakant stilling då det er lettare å rekruttere kvalifisert kompetanse i full stilling. Som eit salderingstiltak er imidlertid lønsmidlane tatt ut for halve året, så tilsetting må ventast med. 30 % av midlane skal nyttast til å dekke funksjonen som personvernombod, noko som er ei lovpålagd oppgåve frå 2018.

Funksjonsfordelinga vert å løyse internt i staben.

Til tillegg er ein liten ressurs på 05,33% lovfesta stillingsheimel for hovudverneombod er knytt til personalavdelinga. Det er ynskje om å auke denne, men ein fann dessverre ikkje rom for det i årets budsjett.

Ansvar for plan- og utvikling og brann er ført over til avdeling for samfunnsutvikling. Vertskommuneansvaret for SSIKT opphører, men IKT som ansvarsområde vert formelt forankra i staben. NAV vert forankra i velferd.

6.3 Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring og kontroll

6.3.1 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

| Periode 2018 – 2021 POLITISK STYRING OG KONTROLL (A) SENTRALADMINISTRASJONEN (B) | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|--|------------------|------------------|------------------|------------------|
| AB | 16 437 | | | |
| AB0 Sum konsekvensjustering | -164 | | | |
| AB1 Sum artsavhengigkeit | 661 | | | |
| AB2 Sum prisjustering | 407 | | | |
| Konsekvensjustert budsjett eks. tiltak | 17 340 | 17 340 | 17 340 | 17 340 |
| A1 Variasjon i valår | -151 | 222 | 15 | 150 |
| A2 Eigenandel demokratiprosjektet | 11 | 11 | 11 | 11 |
| B1 Tenester utført av personalavdelinga for SSIKT | -40 | -40 | -40 | -40 |
| B2 Tenester utført av økonomiavdelinga for SSIKT | -95 | -95 | -95 | -95 |
| B3 Prosjekt Losen 2025 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| B4 Hareid sin andel av SSIKT | 268 | 268 | 268 | 268 |
| B5 HoppID | 25 | 25 | 25 | 25 |
| Rådmannen sitt framlegg til ny ramme | 17 458 | | | |

6.3.2 Kommentar til driftstiltaka

AB0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikke alltid like klart om eit tiltak skal leggast inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråsone, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggast inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjoner eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. Årsaken til volumendring i sektoren er samansett. Summen av endringar har i dette høvet resultert i ein volumreduksjon før nye tiltak.

AB1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen er det berre moderate endringar for sektoren. Talet speglar ein korrektsjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

AB2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6%, ein auke i driftskostnadane utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

A1 Endringar i valkostnader

Det stor forskjell på arbeidet med kommuneval og arbeidet med stortingsval. Dette gjeld før valet, på valdagen og etter at valet er over. Denne skilnaden er tatt omsyn til. Det er sjølvsagt også tatt omsyn til at berre annakvart år er eit valår.

A2 Eigenandel demokratiprosjektet

Eit prosjekt finansiert av Fylkesmannen, men organisert gjennom Sunnmøre Regionråd. Tiltaket skal dekke tapt arbeidsgodtgjersle og reisekostnadar for enkelte deltakrar.

B1og B2 Sal av økonomi- og personaltenester til SSIKT

SSIKT vert etablert som eigen organisasjon frå 2018, og kjøper desse tenestene frå Hareid kommune.

Tiltaka elles er kommentert under rådmannen si innleiing.

6.3.3 Investeringsstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

| Prosjekt nummer | Investeringsutgifter | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 |
|--|---|-------|--------|--------|--------|
| 008 | SSIKT investering | 1 719 | 0 | 0 | 0 |
| 010 | Møbler ordførarkontor og publikumsområdet | 100 | 0 | 0 | 0 |
| 025 | Møbler fellesområde | 100 | 0 | 0 | 0 |
| 137 | Fiberkabel Hareid skule - sjukeheimen | 300 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Sentraladministrasjonen | | 2219 | 0 | 0 | 0 |

6.3.4 Kommentar til investeringsstiltaka

008 SSIKT investering

Hareid sin del av fellesskapen

010 Møbler til ordførarkontoret og publikumsområdet utanfor kommunestyresalen

Utskifting av møbler.

Møbler til ordførarkontor ca. 70 000.

Ståbord med meir til mingleareal 30 000.

025 Møbler fellesområde

Det er behov for møbler i felles bruksområde

137 Fiberkabel

IKT har stort behov for å få lagt ein fiber frå Hareid Skule til Hareid Sjukeheim. Pr i dag så går det ein fiber frå Rådhushuset til Sjukeheimen via Hareid Skule, men denne vart lagt ned for snart 20 år sidan og er ein såkalla multimodus-fiber som i utgangspunktet ikkje skal nyttast til avstandar over maks 500 meter. Det er viktig med stabile og gode fibersamband mellom dei større lokasjonane i Hareid, spesielt Sjukeheimen (liv og helse). Ved å få lagt ned ein ny single-modus fiber frå Hareid Skule til Sjukeheimen vil vi ha single-modus heilt frå rådhushuset (driftsenteret) og til sjukeheimen, legesenteret og Hjellebakken. Vi snakkar her om ein totalkostnad på om lag 300 000,- der vi sjølve stiller med gravemaskin og mannskap.

6.4 Overordna målsettingar

6.4.1 Hovudmål

- Sentraladministrasjonen skal syte for naudsynte stab- og støttetenester til kommunen sine tenesteytande einingar.
 - Politikarar, publikum, samt andre offentlege og private verksemder skal få naudsynt og korrekt informasjon og service, utan unødig ventetid.
 - Sektoren skal vere utviklingsorientert og ha eit spesielt ansvar for at heile kommunen si verksemd er i tråd med lov og retningslinjer og syte for at kommunen sitt omdøme vert forvalta på ein god måte.
- Sentraladministrasjonen skal vere pådrivar i arbeidet med Losen 2025, og aktivt bidra til at kommunen når målsettingane sine

6.4.2 Utviklingsmål

- Alle einingar i kommunen skal ha fokus på felles målstyring og god økonomistyring. Målsetting er 0% avvik
- Alle bruker Compilo og alle prosedyrar skal inn i internkontrollsystemet.
- Alle tilsette skal lære og bruke PUKK-hjulet (planlegge, utføre, kontrollere, korrigere) som utgangspunkt for stadig utvikling og forbetring.
- Evaluere intern organisering og funksjonsfordeling i høve dei nye sektorane
- Lønspolitisk handlingsplan

7 SEKTOR FOR LÆRING OG KULTUR

Kommunalsjef Eivind Longva

7.1 Sektorstruktur

- Ressurssenteret
- Biblioteket
- Hareid Musikk- og Kulturskule
- Bigset barnehage
- Hareid barnehage
- Syverplassen barnehage
- Bigset skule
- Hareid skule
- Hjørungavåg skule
- Hareid ungdomsskule
- Læring- og kulturkontoret

Einingsleiarane har sjølvstendige fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til kommunalsjef.

7.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for læring og kultur, har sett seg som mål å bli ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon med fokus på kollektive læringsprosessar og medverknad. Dette krev systematisk og langsigktig planlegging, då ein ynskjer å nytte sektoren sin samla kompetanse og ressursar på smartast og mest tenelege måte for organisasjonen.

Det vert viktig å arbeide målretta og kunnskapsbasert med fokus på kollektive læringsprosessar i den einskilde eining, og på tvers av einingane i sektoren. Sektor for læring og kultur har ansvar for dei kommunale tenestene barnehage, grunnskule, musikk- og kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring, flyktningkontor, introduksjonsprogram, kommunal kulturpolitikk og kontakt med frivillig sektor.

Sektoren vil fokusere på å etablere gode tenester innanfor dei rammene som er gitt.

7.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Arbeidet gjennom året vil ha fokus på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver.

7.2 Årsverk og driftstiltak

7.2.1 Årsverksutvikling

| Eining | Årsverk 01.10.2016 | Årsverk 01.10.2017 | Forventa årsverk – Budsjettframlegg 2018 |
|---------------------------|-----------------------|-----------------------|--|
| Oppvekstkontor | 1,00 | 1,00 | 2,00 |
| Bigset skule | 14,98 | 14,83 | 14,97 |
| Hareid skule | 33,78 | 33,53 | 32,67 |
| Hjørungavåg skule | 11,73 | 12,25 | 12,48 |
| Hareid ungdomsskule | 28,89 | 28,45 | 29,42 |
| Bigset barnehage | 14,3 | 15,4 | 13,87 |
| Hareid barnehage | 6,57 | 6,62 | 5,95 |
| Syverplassen barnehage | 13,81 | 13,12 | 12,1 |

Handlingsprogram 2018 - 2021

| | | | |
|-------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Lærlingar | 0 | 0 | 0,71 |
| Styrka barnehagetilbod | 2,62 | 3,26 | 4,91 |
| Spes.ped tiltak | 1,99 | 1,58 | 1,78 |
| Barnehagekontor | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| Hareid musikk- og kulturskule | 4,67 | 4,61 | 4,78 |
| Ressurssenteret | 9,24 | 10,21 | 10,26 |
| Kulturkontor | 1,31 | 1,31 | 0,31 |
| Bibliotek | 1,55 | 1,55 | 1,55 |
| Samla årsverk | 147,44 | 148,72 | 148,75 |

7.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

| Prosjekt 2018 – 2021 OPPVEKST (C) | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|
| C | 126 123 | | | |
| C0 | 3 377 | | | |
| C1 | 1 212 | | | |
| C2 | 3 336 | | | |
| Konsekvensjustert budsjett eks. tiltak | 134 049 | 134 049 | 134 049 | 134 049 |
| C3 | 200 | 200 | 200 | 200 |
| C4 | 200 | 200 | 200 | 200 |
| C5 | - 1 191 | - 1 191 | - 1 191 | - 1 191 |
| C6 | 390 | 780 | 780 | 780 |
| Rådmannen sitt framlegg til ny ramme | 133 648 | 134 038 | 134 038 | 134 038 |

7.2.3 Kommentar til driftstiltaka

C0 Sum konsekvensjustering

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde kan vere konsekvensjusteringar. Det som utgjer hovudtyngda for 2018 er at tilskot flyktning er flytta frå Ressurssenteret til finansområdet.

C1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift.

C2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6 %, ein auke i driftskostnadane utanom løn på 2,1%, og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

C3 Driftstiltak

Opplæring i bruk av digitale hjelpemiddel i undervisninga.

Skulane er inne i ei naudsynt investeringsperiode i høve til digital satsing. For å få full nytte av investeringane må ein sikre at lærarane kan bruke utstyret på ein slik måte at det gangnar elevane si læring. Fleire kommunar i regionen har sett at ein lykkast ikkje før ein får profesjonell hjelp til dette.

C4

Støtte til drift av fotballhall, leige av hallen

Sjå rådmannen sine kommentarar.

C5 Stillingsreduksjon som følgje av nedgang i tal på flyktningar

Som konsekvens av svekka behov for opplæring, og tap av inntekter på mottak av flyktingar vil ein i 2018 redusere lønskostnadane på Ressurssenteret med kr 1 191 000.

C6 Fagkoordinator kultur

7.3 Investeringsstiltak

7.3.1 Investeringsstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

| Prosjekt Nummer | Investeringsutgifter | B 2018 | ØP 2019 | ØP 2020 | ØP 2021 |
|--|--|--------------|----------|----------|----------|
| I - 130 | Kjøp av datamaskiner og infrastruktur | 1 250 | 0 | 0 | 0 |
| I - 004 | Hareid musikk- og kulturskule - undervisningsbrakker | 150 | | | |
| Sum sektor for Læring og kultur | | 1 400 | 0 | 0 | 0 |

7.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 30 Kjøp av datamaskiner og infrastruktur

Sektoren har i 2017 investert i klassesett (Chromebooks) til eitt trinn på kvar av barneskulane, samt til 8. trinnet på ungdomstrinnet. I tillegg kjem utgifter til infrastruktur – kabling, aksesspunkt og switch'ar. Kostnaden med å gjere kvart klasserom klar for trådlaus bruk er om lag 20 000,- per rom. For å gje flest mogleg av elevane naudsynt opplæring, og bruk av IKT må ein i dei komande åra gjere tilsvarande investeringar som i 2017.

I – 004 Hareid musikk- og kulturskule – undervisningsbrakker

Aktiviteten krev større plass.

7.4 Overordna målsettingar

7.4.1

7.4.2 Hovudmål

- Overordna kvalitetsplan for oppvekst 2016-2020 skal nyttast som styrings- og planleggingsverktøy i delen av sektoren den femnar om, inkludert PPT, barnevernet og helsestasjonen.
- Sektoren skal utvikle seg gjennom kompetanseutviklingsprosessar tilrettelagt på eigen arbeidsplass og gjennom felles utviklingsdagar, nettverk og leiarutviklingsprogram. Kompetanseutviklinga skal ta opp i seg arbeidsmåtar og verktøy som fremjar kollektive læringsprosessar, refleksjon over eigen praksis, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling internt i eiga eining og i nettverk på tvers av einingane.
- Sektor for læring og kultur skal vere pådrivar for tett samarbeid og samhandling med tillitsvalde for å legge til rette for gode arbeidsvilkår og auka læringsutbytte.
- Det skal arbeidast systematisk med å utvikle gode, trygge og motiverande læringsmiljø med fokus på medverknad i eige læringsarbeid, undervegsrettleiing, tidleg innsats og heim-skule/barnehagesamarbeid

- Det skal arbeidast systematisk og kunnskapsbasert med vaksenrolla knytt til pedagog, fagarbeidar, assistent, leiar som fremjar relasjonell kompetanse og autoritativt leiarskap på alle nivå i sektoren.
- VI skal arbeide for eit stimulerande oppvekst- og kulturmiljø for innbyggjarane i kommunen, ved å utvikle det kulturhistoriske Hareid, støtte det frivillige arbeidet og gje bidrag til ei positiv utvikling for Hareid kommune.

7.4.3 Utviklingsmål

- Sette i gang leiarutviklingsprogram som skal vidareutvikle kompetanse til å leie systematiske og kollektive læringsprosessar på eigen arbeidsplass, relasjonsferdigheter og samhandlingskompetanse hjå leiarar på alle nivå i sektoren.
- Alle pedagogar i skulane i Hareid skal utarbeidet tydlege mål for læringsarbeidet slik at elevane forstår kva dei skal lære.
- Einingane skal vurdere/revurdere kartleggingsverktøy som er i bruk og bruke desse aktivt i læringsarbeidet.
- Sikre gode arenaer og godt fritidsmiljø som fremjar god utvikling for innbyggjarane i kommunen.
- Sikre gode oppvekstmiljø gjennom å legge til rette for eit godt kultur- og fritidstilbod i Hareid kommune.
- Arbeide for at biblioteket skal vere ein naturleg møteplass og arena for kunnskap og samtale for innbyggjarane i Hareid
- Arbeide for at kommunen kan oppfylle sitt vedtak om å ta imot nye flyktningar i 2018
- Styrke arbeidet for å gje flyktningar og asylantar eit godt undervisningstilbod

Eivind Longva
Kommunalsjef

10.11.2017

8 SEKTOR FOR VELFERD

Kommunalsjef Berit Aasen/ (Vikar rådgjevar Oddrun Alme Mork)

8.1 Sektorstruktur

Sektor for velferd vert leia av kommunalsjef.

- Helse og koordinerande eining.
- NAV og barnevern
- Bu- og habilitering
- Sjukeheim - Somatisk eining – korttidsavdeling og bu-avdeling
- Sjukeheim - Skjerma eining
- Eining for Heimetenester
- Institusjonskjøkkenet er leia av kjøkkensjef.
- Velferdskontor

8.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for velferd arbeider kontinuerleg og systematisk for å vere ein kvalitets- og kompetanse organisasjon. Langsiktig planlegging for å nytte tilgjengelege ressursar og kompetanse på best tenleg måte for organisasjonen er viktig. Vi har ei målretta og medveten haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Frå 01.01.2018 vert NAV og barnevern forankra i sektor for velferd.

Dei tilsette er den viktigaste ressursen som sektor for velferd har. Vi må legge til rette for at tilsette har dei naudsynte kvalifikasjonar, kunnskap og haldningar for å kunne sikre kvalitet på dei tenestene vi yter til innbyggjarane i Hareid kommune. Rett kompetanse på rett plass og til rett tid vil vere med å bidra til å sikre gode, effektive og trygge tenester.

Sektoren vil ha fokus på å etablere gode tenester innanfor dei rammene som er gitt. For å kunne møte utfordringar i framtida må ein nytte ressursane på best tenleg måte. Mottakar av tenester og pårørande må få tilstrekkeleg informasjon for å kunne kjenne til kva tenester dei kan forvente seg i Hareid kommune.

8.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Regjeringa oppmodar kommunane til å sette m.a. fornying og forbetring av omsorgssektoren på dagsorden i kommunalt plan- og utviklingsarbeid og har m.a. desse satsingsområda:

1. **Leve heile livet – ei kvalitetsreform for eldre.** Målet er fleire gode leveår der den aldrande befolkninga beheld god helse lenger og i større grad meistrar eige liv. Det grunnleggande vil vere det som ofte sviktar i tilbodet til eldre; mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene.
2. **Omsorg 2020** – Styrke kvalitet, kompetanse og kapasitet i omsorgstenestene, samstundes som ein vil legge til rette for omstilling for å sikre nyskaping og utvikling til nye og betre løysingar i sektoren. Ei fagleg sterk helse- og omsorgsteneste vil sikre ei berekraftig teneste i framtida.
3. **Dagaktivitetstilbod for personar med demens** – kommunar vert pliktig til å ha aktivitetstilbod/demensdagsenter for heimebuande personar med demens frå 01.01.2020.

4. **Moderne lokale og buformer:** framtidas sjukeheimar og omsorgsbustader skal bli utforma for å stette behov for morgondagens brukarar, som vil omfatta alle aldersgruppe i samfunnet.
5. **Den nye heimetenesta:** Tenesta har den største auken i tal på brukarar. Dette har bakgrunn i ei tredobling av yngre brukarar under 67 år, kortare liggetid ved sjukehus og eit aukande tal på eldre i kommunen.
6. **Fornyng og innovasjon:** Nye løysingar må bli utforma for å mobilisere samfunnet sine samla omsorgsressursar, ta i bruk ny teknologi, utarbeide nye faglege metodar, og innovasjonsarbeid.

8.2 Årsverk og driftstiltak

8.2.1 Årsverksutvikling

| Eining | Årsverk 01.01.2016 | Årsverk 01.01.2017 | Årsverk 01.01.2018 |
|-------------------------------|--------------------------|-----------------------|-----------------------|
| Velferdskontor | 3,5 | 3,5 | 5,20 |
| Helse og koordinerande eining | 12,22* | 13,82 | 13,82 |
| Skjerma eining | 13,47** | 13,47 | 13,46 |
| Somatisk eining | 26,09 | 28,56 | 28,56 |
| Kjøkken | 4,29 | 4,29 | 4,29 |
| Heimetenestene | 24,08 | 26,08 | 26,08 |
| Bu- og habiliteringseininga | 27,58 | 30,38 | 30,38 |
| Samla årsverk | 111,23 årsverk*** | 120,09 | 121,79 |

8.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

| Periode 2018 – 2021 VELFERD (D) | | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|---|------------------|------------------|------------------|------------------|
| D | Budsjett 2017 | 107 614 | | | |
| D0 | Sum konsekvensjustering | -540 | | | |
| D1 | Sum artsavhengigheit | -123 | | | |
| D2 | Sum prisjustering | 2 871 | | | |
| Konsekvensjustert budsjett eks. tiltak | | 109 822 | 109 822 | 109 822 | 109 822 |
| D3 | Legevakt - MÅ lokalt prosjekt for 2018 | 376 | 376 | 376 | 376 |
| | Rådmannen sitt framlegg til ny ramme | 110 198 | 110 198 | 110 198 | 110 198 |

D0 Sum konsekvensjustering

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggast inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråsone, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggast inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

D1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye

Handlingsprogram 2018 - 2021

budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore ein del underbudsjetterte for sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

D2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6%, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

D3 Legevakt

Det kom ny akuttmedisinforskrift i 2015 med overgangsordningar til 2018. Kompetansekrav, samtreningskrav og organisatoriske krav gjer at det er svært vanskeleg å halde på dagens organisering av legevaka på ettermiddag/kveld i Hareid og Ulstein. Det har derfor vore jobba med ei interkommunal løysing, men vi er ikkje i mål. Dette gjerd det naudsint med strakstiltak i den lokale tenesta for at den skal vere på eit minimumsnivå av forsvarleg. Vi treng legevaktbil, hjelpepersonell og meir administrative ressursar til tenesta. For meir informasjon, sjå eige skriv frå legevaktansvarleg lege. Tiltak 1 og 2 frå dei er tatt med i dette forslaget då det er reine fagleg grunnar for det. Om tiltak 3 og 4 skal inn må det forhandlast om, det er ikkje fagleg grunngjeve. Kostnadane fordelt etter folketal 01.01.17 gir auka utgifter på 613 800 for Ulstein og 376 200 for Hareid. Vi forslår dette som eit strakstiltak for 1 år, og at vi må få ei avgjersle på vidare organisering interkommunalt i løpet av 2018.

Vidare veit vi at legetenesta vil få auka kostnader i tida framover. Kommunen slit med legedekning og eininga jobbar no med å rekruttere og tilsette legar i ledige stillingsheimlar.

8.3 Investerings

8.3.1 Investeringsstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

| Prosjekt nummer | Investeringsutgifter | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 |
|-------------------------------|---------------------------------------|--------------|------------|----------|----------|
| I - 4 | Velferdsteknologi-pasientsignalanlegg | 1 550 | 450 | 0 | 0 |
| I - 5 | Velferdsteknologi- tryggleiksalarmer | 500 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Velferd | | 2 050 | 450 | 0 | 0 |

8.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 4 Velferdsteknolog- pasientsignalanlegg – dette tiltaket er overflytta frå investeringsbudsjettet 2017 til 2018 .

Det er behov for nytt pasientsignalanlegg ved sjukeheimen som stettar dagens krav. Det er nødvendig å satse på bruk av moderne velferdsteknologi tiltak på sjukeheimen.

Det er ikkje mogleg å nytte tiltak som t.d. fallalarmer og døralalarmer på eksisterande anlegg.

I – 5 Velferdsteknologi- tryggleiksalarmer – dette tiltaket er overflytta frå investeringsbudsjettet 2017 til 2018 .

Tryggleiksalarmane til heimebuande stettar ikkje dagens krav . Det er nødvendig med innkjøp av 100 tryggleiksalarmer og 100 nøkkelsokkar.

Det er per i dag ikkje mogleg å nytte moderne velferdsteknologi på dagens alarmar, som t.d. fallalarmar.

8.4 Overordna målsettingar

8.4.1 Hovudmål

- Arbeidsgivarpolitikken er implementert i heile organisasjonen.
- Sektor for velferd skal bidra til god omdømmebygging av Hareid kommune
- Sektor for velferd er ein kompetanse- og kvalitetsorganisasjon
- Sektor for velferd vil fremme tett samarbeid med tillitsvalde, med fokus på arbeidsmiljøtiltak og gode arbeidsvilkår for dei tilsette.
- Det skal vere fokus på forsvarlege tenester innanfor tildelte økonomiske rammer.
- Compilo – etablere eit internkontroll- og kvalitetssystem.

8.4.2 Utviklingsmål

- Fagutviklingsdagen skal bidra til kontinuerlig og planlagt kompetanseheving av helsepersonell
- Tilsette skal få tilbod om vidareutdanning, med støtte frå Kompetanseløftet 2020 frå Fylkesmannen.
- Samarbeid med tillitsvalde skal halde fram.
- Rutine for årleg samling med verneombod, tillitsvalde, fagkoordinatorar og einingsleiarar er etablert og skal vidareførast.
- Rutine for handtering av vedtak jamfør Forvaltningslova, skal vidareutviklast
- 12 punktsplan for satsingsområder i 2018 skal utarbeidast av leiargruppa, og implementerast i heile sektoren
- Ressursstyring- fokus på godt leiarskap og kompetanseutvikling. Fleire av einingsleiarane i sektoren tek no vidareutdanning på deltid ved Høgskulen i Volda.

8.5 Oversikt over einingane i sektor for velferd

8.5.1.1 Helse og koordinerande eining

Helse og koordinerande eining består av helsestasjon- og skulehelseteneste, legeteneste, jordmorteneste, teneste for psykisk helse og aktivitetssenter, dagsenter for eldre heimebuande, ergoterapiteneste, kommunal og privat fysioterapi, støttekontaktordning og koordinerande eining.

Delmål/ utviklingsmål

- Eininga skal med sin spisskompetanse vere pådrivarar i helsefremmande og førebyggande helsearbeid, og i rehabiliteringsarbeidet på tvers av einingane og elles i kommunen
- Styrke samarbeidet med NAV og spesialisthelsetenesta, i høve personar med rus og psykisk helse
- Styrke teneste til barn og unge med undervisning om psykisk helse i skulane
- Eininga tek eit medansvar for undervising til dei andre einingane i sektoren
- Utvikle rutine for hjelpemiddel handtering, bruk av velferdsteknologi
- Fortsette å vidareutvikle tett samarbeid med andre aktuelle fagpersonar for å yte koordinerte tenester med utgangspunkt i brukarmedverknad
- Vidareutvikle dagsenter og auke i teneste for yngre heimebuande demente

8.5.1.2 Bu- og habiliteringseininga

Bu og habiliteringstenesta yter tenester til desse gruppene:

- Vaksne psykisk utviklingshemma i bustad
- Avlastning til born og unge med særleg krevjande omsorgsbehov.
- Unge vaksne i eigen bustad som treng miljøarbeid i heimen.

Delmål/ utviklingsmål:

Handlingsprogram 2018 - 2021

- Etablere faste samarbeidsmøte med pårørande
- Fokus på brukarmedverknad
- Etablere gode rutinar for bruk av ressursar på tvers av områda
- Vidareutvikle fagutviklingsdag
- Halde fram arbeidet med oppsøkande miljøarbeid til unge vaksne i egen heime
- Miljøarbeid i kvardagen
- Utvikle dagtilbodet

8.5.1.3 Skjerma eining

Skjerma eining har 17 pasientar. Alle har eige rom. Målgruppa er personar som vert vurdert til å ha behov for å bu i ei mindre eining.

Delmål/ utviklingsmål:

- Rutinar tilpassa personar med kognitiv svikt.
- Etablere miljøarbeid i kvardagsrutinane
- Vidareutvikle samarbeidsrutinar med pårørande
- Samarbeid med dagsenteret
- Kulturtilbod i kvardagen
- Medikamentrutinar

8.5.1.4 Buavdeling

Avdelinga har 16 rom, der eitt av roma er dobbeltrom. Alle har eige rom. Målgruppa er personar som vert vurdert til å ha behov for å bu i ei mindre eining.

Delmål/ utviklingsmål:

- Rutinar tilpassa personar med kognitiv svikt
- Etablere miljøarbeid i kvardagsrutinane
- Vidareutvikle samarbeidsrutinar med pårørande
- Miljøarbeid i kvardagen

8.5.1.5 Korttidsavdeling

Avdelinga har 15 rom + eit rom for augeblikkeleg hjelp.

Delmål/ utviklingsmål:

- Pasientflyt på sjukeheimen skal primært skje på denne avdelinga.
- Å ta imot utskrivingsklare pasientar frå første dag.
- Alle pasientar med korttidsopphald skal få ein plan for oppfølging ved hjelp av tverrfagleg møte og samarbeid med pasient og eventuelt pårørande.
- Miljøarbeid i kvardagen
- Utvikle ressursmøta for å skape betre pasientflyt
- Kompetanseheving på rehabilitering ved korttidsopphald
- Samarbeid med heimetenestene og helse- og koordinerandeeining ved utskriving

8.5.1.6 Kjøkken

Kjøkkenet har ansvaret for:

- Ernæring til pasientar ved sjukeheimen.
- Middagsombering til heimebuande
- Dei som bur i omsorgsbustadar har høve til å kjøpe middag og ha måltida i matsalen. Dei har også høve til å handle kolonialvarer ved kjøkenet.
- Kjøkkenet driv catering til jubileum eller gravferder for bebuarar, kommunale møter og arrangement i det omfang som kjøkkenet til kvar tid har høve til ut frå ressursane.

Delmål/ utviklingsmål:

Handlingsprogram 2018 - 2021

- Implementere bruk av matmerkingssystemet AIVO
- Rekruttere lærlingar til kokkefaget for institusjonskjøkken.
- Bidra til å opprette arenaer som skaper trivsel og matglede for bebruarane som t.d.: karneval, grillfestar, jonsokfeiring, peparkakelandsby og julefest
- Etablere rutinar for kartlegging av ernæring

8.5.1.7 Eining for Heimetenester

Heimetenestene har ansvaret for desse tenestene: heimesjukepleie, omsorgsbustadar og praktisk bistand, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn. Alle tenester blir tildelte med skriftleg vedtak etter søknad.

Delmål/utviklingsmål:

- Samarbeid med helse- og koordinerande eining
- Implementering av kvardagsrehabilitering
- Etablere vedtakshandtering etter forvaltningslova i samarbeid med sakshandsamar
- Mobil pleie
- Dokumentasjon
- BPA
- Gode rutiner for pasient- og brukarmedverknad ved etablering av hjelpetilbod.
- Sikre god kompetanse til alle brukarane, samarbeid mellom dei ulike tenestene innanfor avdelinga

8.5.1.8 Velferdskontor

Velferdskontor har fagleg og administrativ støttefunksjon til einingane. I tillegg har ein fått kommuneoverlege og driftsteknikar til eininga.

Delmål/ utviklingsmål:

- Vederlagsbetaling : samarbeide tett og godt med NAV, pasient/pårørande og økonomiavdelinga. Ta del på interkommunalt nettverk for fagområdet.
- Rettleie leiarane i høve budsjett og rekneskap og grunnlag for fakturering av betalingstenester.
- Etablere gode rutine for vedtak i samsvar med gjeldande lovverk.
- Sakshandsaming
- Samarbeid med økonomiavdeling for å ta ut administrative gevinst for bruk av eksisterande system
- Helse- og omsorgsplan - planlagt revidert i 2018
- Innkjøp og implementering av nye tryggleiksalarmer
- Ansvar og oppfølging av elektromedisinsk utstyr
- Halde fristar for rapporteringar som er tillagt eininga

8.5.1.9 NAV og barnevern vert frå 01.01.2018 forankra i sektor for velferd

Hareid kommune har eit interkommunalt samarbeid om barneverntenesta. Det er kommunane Hareid-Ulstein-Ørsta og Volda som inngår i vertskommunesamarbeidet. Driftsansvaret for barneverntenesta er delegert til rådmann i Volda og kontoret er lokalisert på rådhuset der.

NAV-kommune har eit brukarorientert og rettsbasert tenestespekte og yter tenester til ulike brukargrupper.

9 SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Kommunalsjef Kai-Rune Bjørke

9.1 Sektorstruktur

Eining kommunalteknikk og VAR har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjon
- Vegar og gater
- Gatelys
- Park / grøntanlegg / idrettsanlegg
- Hamnevesen
- Vassforsyning
- Kloakknett
- Slamtøming
- Renovasjon

Eining kommunal egedom/FDV har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjonsbygg
- Barnehagar
- Kulturbygg
- Helseinstitusjonar
- Industribygg
- Skuler
- Utleigebustader /bygg

Eining for Plan, Byggesak og Geodata

- Plan
- Byggesak
- Geodata
- Beredskap

Sektoren vil elles ha to rådgjevarar direkte under kommunalsjef. I tillegg vil Folkehelsekoordinatoren vil også ligge til kommunalsjef. Rådgjevarane vil bistå kommunalsjef med oppgåver innan alt som har med avtalar om kjøp og sal av egedom, juridisk bistand, næring, næringsfondssaker osv.

9.1.1 Om tenestene

Kommunalteknikk og VAR: Ansvarsområda er leia av ein einingsleiar som har økonomi- og personalansvar, i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef. Drift og vedlikehald av:

- Kommunaltekniske anlegg som veg, vatn, avløp/drens og overvatn
- Grøntanlegg, parkar og idrettsanlegg
- Hamner, og overordna ansvar for hamnesikring ISPS

Kommunal egedom/FDV: Ansvarsområda er leia av ein einingsleiar som har økonomi- og personalansvar, i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef. Leiande vaktmeister har dagleg ansvar for vaktmeistrane. Leiande reinhaldar har dagleg ansvar for reinhaldarane.

Eininga har ansvar for:

- å gjennomføre pålagde brannvernstiltak i kommunale bygg
- vedlikehald av bygningsmassen
- «e-fokus» og energioppfølging
- kontraktar/ økonomi ved utleige av husvære
- reinhald av formålsbygg

Handlingsprogram 2018 - 2021

- at beredskapsplaner vert utarbeidd for sitt område
- forsikringssaker som vedkjem eininga
- utvikling og utarbeiding av nye prosjekt
- IK/HMS
- prosjektleiing av byggeprosjekt

Plan, Byggesak og Geodata: Ansvarsområda er leia av ein einingsleiar som har økonomi- og personalansvar, i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef. Eininger har ansvar for:

- Overordna planverk
- Handsaming av privat reguleringsforslag
- Frådeling

9.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Å legge til rette for kvalitet i alle ledd. Styrking av fagmiljø, internkontroll og opplæring. Fokus på at drifta vert utøvd i samsvar med tildelte ressursar. Melde inn behov.

9.2 Årsverk og driftstiltak

9.2.1 Årsverksutvikling

| Eining | Årsverk 01.10.2016 | Årsverk 01.10.2017 | Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2018 |
|--|-----------------------|-----------------------|--|
| Kommunalsjef | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| Rådgjevar frå Sentral adm - Plan | - | - | 1,00 |
| Rådgjevar frå Sentral adm - Rådmann | - | - | 0,80 |
| Folkehelsekoordinator frå Sentraladm - Rådmann | - | - | 0,50 |
| Sum adm. sektor | 1,00 | 1,00 | 3,30 |
| Vegar | 1,10 | 1,00 | 0,90 |
| Park- og grøntareal | 1,00 | 1,05 | 1,00 |
| Hamn | | 0,05 | 0,20 |
| Vatn | 4,20 | 4,75 | 5,15 |
| Avløp | 3,20 | 2,15 | 2,75 |
| Brannvern | 1,25 | 1,25 | - |
| FDV-bygningar | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| Vedlikehald | 3,45 | 4,32 | 4,32 |
| Utleige | 0,50 | 0,50 | 0,50 |
| Reinhold | 11,99 | 11,08 | 11,08 |
| Plan, Byggesak og Geodata | - | - | 4,75 |
| Samla årsverk | 28,69 | 28,15 | 34,95 |

I samband med omorganiseringa vert 2,3 årsverk flytta frå Sentraladministrasjonen til sektor for Samfunnsplanlegging. I tillegg vert ressurseininga «Plan, Byggesak og Geodata», med 4,75 årsverk også flytta frå Sentraladministrasjon til «Samfunnsplanlegging». Ressurseininga «Brannvern» vert tömt for stillingsressursar, sidan Hareid og Ulstein slår saman sine Brannvernavdelingar frå 01.01.2018.

Handlingsprogram 2018 - 2021

Det ligg vidare inne i rådmannen sitt framlegg til budsjett, framlegg om å opprette 50% stilling knytt til vern mot forureining, samt framlegg om å auke ressursen til byggesakshandsaming med 0,25 årsverk. Syner til tiltaksskildring lenger nede. Nemnte stillingsressursar er knytt til sjølvkost- / sjølvfinansierande område.

9.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

| Periode 2018 – 2021 SAMFUNNSUTVIKLING (F) | | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|--|--|------------------|------------------|------------------|------------------|
| F | B1 2017 | 35 807 | | | |
| F0 | Sum konsekvensjustering | -1 743 | | | |
| F1 | Sum artsavhengigkeit | -686 | | | |
| F2 | Sum prisjustering | 595 | | | |
| | Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak | 33 973 | 33 973 | 33 973 | 33 973 |
| F3 | Auke i stillingsressurs | 0 | 0 | 0 | 0 |
| F4 | Trafikktryggingsplan | 400 | 0 | 0 | 0 |
| F5 | Auke i stillingsressurs | 0 | 0 | 0 | 0 |
| F6 | Interkommunal kystsoneplan | 100 | 0 | 0 | 0 |
| F7 | Auke i tilskotet til Landbrukskontoret | 55 | 55 | 55 | 55 |
| F8 | Kurs for byggesakshandsamar | 15 | 10 | 0 | 0 |
| F9 | Husleige Myravegen | 400 | 0 | 0 | 0 |
| F10 | Varslingsteneste | -190 | -190 | -190 | -190 |
| F11 | Brannvern – Ulstein vertskommune | -264 | -264 | -264 | -264 |
| F12 | Soknet – Pris- og lønsjustering 2018 | 80 | 80 | 80 | 80 |
| F13 | Industriområdet Risneset - reguleringsarbeid | 200 | 0 | 0 | 0 |
| F14 | Prosjekt Vekst Hareid | 400 | 400 | 400 | 400 |
| F15 | Auke i tilskotet til frivilligsentralen | 27 | 27 | 27 | 27 |
| F16 | Soknet, kyrkjeverge – auke frå 80 % til 100 % | 145 | 145 | 145 | 145 |
| F17 | Soknet – Sommarhjelp kyrkjegarden | 30 | 30 | 30 | 30 |
| Rådmannen sitt framlegg til ny ramme | | 35 371 | 34 266 | 34 256 | 34 256 |

9.2.3 Kommentar til driftstiltaka

F0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggast inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråsone, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggast inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir normalt eit uttrykk for volumauke /-reduksjon.

F1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane også denne gongen, vorte noko korrigerte.

F2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2,5%, ein auke i driftskostnadene utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

F3 – Auke i stillingsressurs - Byggesak

042Byggesakshandsamar-ressurs vert auka frå 75% til 100%.

PUBG-avdelinga har per i dag 2 byggesakshandsamarar, til saman 1,75 årsverk. Det eine årsverket skal i forbindelse med organisasjonsendringa flyttast opp til kommunalsjefnivå og fungere som rådgjevar for kommunalsjefen. PUBG-avdelinga vil difor sitte igjen med ei stilling på 75 % på byggesak. Tidlegare har denne stillinga vore kombinert med 25% som brannsjef, dette vil også endrast frå 1.1.2018. Det er difor behov for ei auke i stillingsheimelen til 100% for å sikre ei tilstrekkeleg lovpålagnad sakshandsaming innanfor byggesaksdelen i PBL. Auka i stillingsressursen må sjåast i samanheng med moglegheitene for auka gebyrinntekt.

F4 – Trafikktryggingsplan

Trafikktryggingsplan går ut ved årsskifte 17/18. Denne må regulerast i 2018. Vi kan ikkje søkje om trafikktryggingstiltak før ny plan er vedteke. Jamfør planstrategi 2016 - 2020

F5 – Auke i stillingsressurs - Vatn

Auke i stilling frå 50% til 100%, dette er i samband med lovpålagt funksjon med tilsyn forureining som kommunen pr. nå ikkje gjennomfører.

Det må også påpeikast at sist eininga fekk tilført midlar til stilling bidrog dette til å auke inntektene til VAR så mykje at kommunen kunne setje ned vatn- og avløpsavgifta til abonnentane dei siste to åra med hhv 10% og 13%.

Det er lagt til grunn at stillinga er sjølvfinansierande på sjølvkostområdet og vil såleis ikkje påverke driftsbudsjettet til kommunen elles. Det skal opprettast nytt sjølvkostområde som heter Forureining

F6 – Interkommunal kystsoneplan

Vedtak KST PS 28/17. Planen er under utarbeiding og går over to år. Avsette midlar i 2019 er teke ut grunna bruk i 2017.

F7 – Auke i tilskotet til Landbrukskontoret

I fylge skriv frå landbruksjefen bert tilskotet i 2018 på kr 884 280. Frå før ligg det inne eit budsjett på kr 829 008, etter framskriving i konsekvensjustert budsjett. Differansen på kr 55 272 vert lagt fram som nytt tiltak.

F8 – Kurs for byggesakshandsamar

I lys av at det vil verte utskiftingar på byggesaksområdet vil det vere behov for kursmidlar til ny tilsett innan fagområdet. Særleg er det behov for lovpålagt kurs for å kunne føre i matrikkelen.

F9 – Husleige Myravegen

Estimert husleigekostnad i perioden Rådhuset er under oppussing.

F10 – Varslingsteneste

Lovpålagnad oppgåve. Krav om varsling i høve kommunal beredskap.

Avviket er også påvist av Fylkesmannen sitt tilsyn 2014.

Varslingstenesta varsling 24 er kjøpt inn, tiltaket er justert i tråd med signert avtale. Tiltaket er difor redusert med NOK 240 000 årleg.

F11 – Brannvern – Ulstein vertskommune

Handlingsprogram 2018 - 2021

Effekten av vertskommunesamarbeidet med Ulstein. Det blir ein nedgang i forhold til 2018 nivå.

F12 – Soknet – Pris- og lønsjustering 2018

Dette tiltaket er lagt inn for å dekke generell løns- og prisauke i 2018.

F13 – Industriområdet Risneset – reguleringsarbeid

Det er ynskjeleg å starte detaljregulering industriområdet i 2018 basert på føringar i landskapsplan for Risneset. Jf. også kommuneplanen. Siktemåle er å klargjere industritomter for eit 1. byggjesteg basert på landskapsplanen.

F14 – Prosjekt Vekst Hareid

I Møre og Romsdal har store delar av næringslivet vore prega av nedturen i oljerelatert næring. Dette gjeld ikkje minst i Region Ulstein, der Hareid er mellom dei kommunane, som har opplevd størst auke i arbeidsløysa.

Næringslivet og kommunen ynskjer no å bidra til snu denne negative utviklinga, gjennom å etablere eit omstillingssprosjekt, der ein vil jobbe målretta med tilretteleggande tiltak, for å erstatte tapte arbeidsplassar. Fylkeskommunen kan, etter søknad og eventuelt positivt vedtak, gå inn med inntil 50% av midlane, gitt at kommunen og næringslivet bidrar med resten. Kommunen bidreg med 500 000 kr, 400 000 i reine pengar, 100 000 kr i eigen innsats. Næringslivet det same. Ein ser føre seg at målsettinga i eit slikt prosjekt skal vere å skape 200 nye arbeidsplassar.

F15 – Auke i tilskotet til frivilligsentralen

Statsbudsjettet er det lagt opp til ein auke i rammeoverføringa i tilskotet til frivilligsentralar. For Hareid sin del er tilskotet, i fylge tabell C-k, kr 392 000. Frå før ligg det inne kr 365 000 i konsekvensjustert budsjett og auka vert såleis kr 27 000.

F16 – Soknet, kyrkjeverge – auke fra 80% til 100%

Kyrkjeverjestilling 100%. Kyrkjeverjestillinga er svært omfattande. Kyrkjeverja er dagleg leiar av soknet si verksemd, med ansvar for økonomi, leiing av kyrkjemkontoret og personalansvar for dei tilsette (for tida 8 personar), kyrkje- og kyrkjegardsdrift og byggforvalting, sakshandsamar og sekretær for soknerådet og nokre andre sentrale utval. Alt dette er lovpålagde oppgåver etter § 14 i Kyrkjelova. Kommunen er etter § 15 forplikta til å dekke utgiftene til dette. I soknet er det p.t. ved sidan av kyrkjeverja si 80 % stilling ei sekretærstilling i 50 %. Saman skal desse ressursane dekke dei administrative oppgåvene i soknet. Vi ser at det er eit sterkt behov for å auke ressursane. Ikkje minst med tanke på dei prosjekta soknet har i åra som kjem; mellom anna rehabilitering av kyrkjerommet og ombygging av inngongspartiet. Her vil kyrkjeverja få enno fleire oppgåver på toppen av vanleg drift.

F17 – Soknet – Sommarhjelp kyrkjegarden

Sommarhjelp

9.3 Investeringar

9.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

| ORDINÆRE PROSJEKT - 1000 kroner | | | | | |
|---------------------------------|---|-------|--------|--------|--------|
| Pr. nr. | Investeringsutgifter | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 |
| I - 109 | Belysning og himling på Hjørungavåg skule | 688 | 0 | 0 | 0 |
| I - 078 | Bustadfelt Holstad vedteke i 2017 | 500 | 2 100 | 2 100 | 0 |
| I - 074 | Bustadfelt Pålhaugen 2 | 125 | 1 800 | 0 | 0 |
| I - 075 | Bustadfelt – Pålhaugen 3 | 450 | 2 500 | 0 | 0 |

Handlingsprogram 2018 - 2021

| | | | | | |
|---|---------------------------------------|--------------|--------------|-------------|-------------|
| I - 104 | Bygging av 8 nye leilegheiter | 15 750 | 0 | 0 | 0 |
| I - 023 | Bustadfelt Holstad - grunnkjøp | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| I - 070 | Ymse grunnkjøp | 500 | 500 | 500 | 500 |
| I - 071 | Kyrkjegata - grunnkjøp | 500 | 0 | 0 | 0 |
| I - 090 | Bustadfelt Pålhaugen - grunnkjøp | 1 000 | 1000 | 0 | 0 |
| I - 111 | Fiber for alle | 200 | 0 | 0 | 0 |
| I - 110 | Fiberkabel Bjåstad Røyset | 100 | 0 | 0 | 0 |
| I - 097 | Gatelys – Bytte ut armatur | 500 | 500 | 500 | 500 |
| I - 099 | Gjerdeelva, førebygging | 480 | 0 | 0 | 0 |
| I - 115 | Gjerdeelva, sikring av overvatn | 500 | 0 | 0 | 0 |
| | Hareid kyrkje, nytt golv/varmesystem | 200 | 2 800 | 0 | 0 |
| | Helsehus for legesenter/helsestasjon. | 31 250 | 18 750 | 0 | 0 |
| I - 066 | Industriområde Risneset | 0 | 0 | 300 | 1 000 |
| I - 077 | Miljøprosjektet Kjøpmannsgata | 3 300 | 0 | 0 | 0 |
| I - 027 | Øvstevegen i Brandal | 2 250 | 0 | 0 | 0 |
| I - 069 | Flyfotografering 2020 | 0 | 0 | 150 | 0 |
| I - 133 | Nye vinduer på sjukeheimen | 275 | 0 | 0 | 0 |
| I - 123 | Ombygging av 4.etg. sjukeheimen | 938 | 0 | 0 | 0 |
| I - 055 | Opprusting av Røysetvegen | 250 | 7 600 | 0 | 0 |
| I - 048 | Parken Åsendalen 2017 | 250 | 1 750 | 3 750 | 3 750 |
| I - 081 | Rundkøyring Holstad 2017 | 2 300 | 1 700 | 0 | 0 |
| I - 116 | Skredvoll Brandal | 300 | 0 | 0 | 0 |
| I - 102 | Vindu og fasadar på Rådhuset | 6 000 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Samfunnsutvikling | | 70606 | 43000 | 9300 | 7750 |

| SJØLVKOSTPROSJEKT - 1000 kroner | | | | | | |
|---------------------------------|--|-------|--------|--------|--------|--|
| Prosjekt nummer | Investeringsutgifter | B2018 | ØP2019 | ØP2020 | ØP2021 | |
| I - 082 | Avløp i sentrum | 4000 | 0 | 0 | 0 | |
| I - 086 | Avløp på Nesset | 100 | 3000 | 0 | 0 | |
| I - 091 | Avløp på Pålhaugen | 100 | 1000 | 0 | 0 | |
| I - 036 | Avskjerande avløpsleidning Grimstad-Bjåstad | 0 | 0 | 4900 | 1800 | |
| I - 078 | Bustadfelt Holstad vedteke i 2017 | 500 | 2100 | 2100 | 0 | |
| I - 079 | Fornying/opprusting dj.v.kaia Godsterminalen | 400 | 6000 | 0 | 0 | |
| I - 029 | Fornying/opprusting dj.v.kaia Godsterminalen | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| I - 041 | Fornying/rehabilitering avløpsnett | 800 | 800 | 800 | 800 | |
| I - 042 | Fornying/rehabilitering avløpsnett 2017 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| I - 043 | Fornying/rehabilitering vassleidningsnett | 400 | 400 | 400 | 400 | |
| I - 094 | Hovudplan for avløp | 100 | 100 | 0 | 0 | |
| I - 093 | Hovudplan for vassforsyning | 500 | 0 | 0 | 0 | |
| I - 112 | Kai, Hareid hamn | 500 | 0 | 0 | 0 | |
| I - 100 | Mobilt straumaggregat | 250 | 0 | 0 | 0 | |

Handlingsprogram 2018 - 2021

| | | | | | |
|---|---|-------|-------|-------|------|
| I - 030 | Nytt reinseanlegg | 0 | 0 | 0 | 0 |
| I - 035 | Avløp Bjåstad - Røyset – vedteke 2017 | 3 000 | 4 000 | 0 | 0 |
| I - 072 | Ny hovudkloakk Pålhaugen og Kyrkjeg 2017 | 700 | 0 | 0 | 0 |
| I - 044 | Ny hovudvassleidning Holstad - Grimstad | 0 | 300 | 3 200 | 0 |
| I - 073 | Ny vassleidning Pålhaugen og Kyrkjeg 2017 | 300 | 0 | 0 | 0 |
| I - 045 | Nye sjøleidningar – hovudutslepp kloakk | 500 | 7 000 | 0 | 0 |
| I - 046 | Nytt inntaksarr. Hammarstøylvatnet 2017 | 2000 | 0 | 0 | 0 |
| I - 114 | Nytt sikringsskap utelageret | 100 | 0 | 0 | 0 |
| I - 087 | Oppgr. Pumpestasjon. På Leira og Raffeneset | 1 000 | 0 | 0 | 0 |
| I - 049 | Rehabilitering av betongkai 2017 | 200 | 6 000 | 0 | 0 |
| I - 050 | Separering avløp – Midtre Reina | 2 450 | 0 | 0 | 0 |
| I - 053 | Vatn Bjåstad – Røyset vedteke 2017 | 7 000 | 4 000 | 0 | 0 |
| I - 085 | Vatn på Nesset | 100 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sektor for Samfunnsutvikling | | 25000 | 34700 | 11400 | 3000 |

9.3.2 Kommentar til investeringstiltaka – Sjølvkostprosjekt

I - 082 - Avløp i sentrum

I samband med bygging av helsehus må avløpssystemet i sentrum leggast om. I dag går utsleppet rett i hamnebassenget. Dette er ikkje lovleg og det må lagast til ei løysning slik at dei nye helsehuset (og dei andre eigedomane i sentrum) får avløpet sitt ført inn på den nye hovudleidninga som skal gå inn til det nye reinseanlegget. Det må difor anskaffast ein ny og stor pumpestasjon også.

I - 086 - Avløp på Nesset

Det er ønskeleg å forlenge vatn og avløp inn Nesset. Ein kan få knytt til hus og fjerna septiktankar. Det som ligger i dette er behov for reint vann og brannvann i området.

I - 091 - Avløp på Pålhaugen

Det må leggast nye rør frå midt i bakken på Pålhaugen og opp til Jets AS. Det er behov for følgande: 315 OV, 315 SP og 110 VL. Dette for at avløp frå Hareidsdalen skal gå i sjølvfall over Pålhaugen og ned til det nye renseanlegget.

I - 036 – Avskjerande avløpsleidning Grimstad-Bjåstad

Avskjerande avløpsleidning Grimstad-Bjåstad. Prosjektet ligg inne i hovudplan for avløp.

Avskjerande leidning vil redusere utsleppa frå private avløpsanlegg til Grimstadvatnet.

I - 078 – Bustadfelt Holstad vedteke i 2017

Utarbeiding av felles utbyggingsavtale / Prosjektering / bygging av felles veg

I - 079 – Fornying/opprusting dj.v.kaia Godsterminalen

Fendring og diverse utbetringar. Tiltaket er naudsynt for å sikre stabil drift av kaia

I - 029 – Fornying/opprusting dj.v.kaia Godsterminalen

Fendring og diverse utbetringar. Tiltaket er naudsynt for å sikre stabil drift av kaia

I - 041 - Fornying/rehabilitering avløpsnett

Fornying kloakkleidningsnett. Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte avløpsnett og kummar.

I – 042 - Fornying/rehabilitering avløpsnett 2017

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte avløpsnett og kummar.

I – 043 - Fornying/rehabilitering vassleidningsnett

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte leidningsnett og kummar innan vatn.

I – 094 - Hovudplan for avløp

Jamfør planstrategi 2016 – 2020. Det er naudsynt med ei ny plan. Planen er tenkt som ein kommunedelplan, noko som gjer framdrifta forutsigbar for både innbyggjarar og kommunen. Skal koordinerast med vassplan.

I – 093 - Hovudplan for vassforsyning

Jamfør planstrategi 2016 – 2020. Den gamle planen er frå 1993.

I – 112 - Kai, Hareid hamn

Prosjektering og rehabilitering av kai Brandal, Godsterminalkaien, kai i hamna.

I – 100 – Mobilt straumaggregat

I samband med tilsyn frå mattilsynet fekk vi pålegg om å anskaffe aggregat i tilfelle straumstans og eller for å kunne drive pumpestasjonar ved lokale straumbrot

I – 030 – Nytt reinseanlegg

Nytt reinseanlegg for avløp er planlagt ved søre molo. Avløpet går i dag ureinsa ut i fjorden. Alt avlaup til sjø og ferskvatn skal reinsast ihht. EØS krav. I 2018 må det setjast av pengar til prosjektering.

I – 035 – Avløp Bjåstad - Røyset – vedteke 2017

I godkjend hovudplan for avløp ligg første del av avløpsleidning til Røyset byggefelt inne for utbygging i perioden fram til 2018. Avløpsleidning lenger fram er lagt inn etter 2018. Med bakgrunn i innbyggjarinitiativ om framføring av kommunalt vatn til Røyset har kommunestyret i sak 73/13 bedt administrasjonen utarbeide sak for politisk handsaming. Prosjektet var lagt inn i H-plan for 2013-2016 med ei investering i 2016 på kr. 1,5 mill. og i 2017 kr. 3,5 mill.

Budsjett er justert etter kalkyle frå konsulent.

I – 072 – Ny hovudkloakk Pålhaugen og Kyrkjeg 2017

Omlegging av hovudkloakk frå Hareidsdalen slik den går i sjølvfall mot søre molo og nytt reinseanlegg. Ein stor del av avløpet går i dag mot nordre molo der den må pumpast mot søre molo og nytt reinseanlegg. Ein legg samstundes ny vassleidning i traseen.

I – 044 – Ny hovudvassleidning Holstad – Grimstad

Legging av ny hovudvassleidning frå Holstad til Grimstad. Eksisterande leidning er av eldre dato og ligg under kvitstripa langs fylkesvegen noko som gjer reparasjonar vanskeleg.

I – 073 – Ny vassleidning Pålhaugen og Kyrkjeg 2017

Omlegging av hovudkloakk frå Hareidsdalen slik den går i sjølvfall mot søre molo og nytt reinseanlegg. Ein stor del av avløpet går i dag mot nordre molo der den må pumpast mot søre molo og nytt reinseanlegg. Ein legg samstundes ny vassleidning i traseen.

I – 045 – Nye sjøleidningar – hovudutslepp kloakk

Nytt djupvassutslepp for hovudkloakken. Eksisterande utsleppsleidning er gammal og av svært dårlig kvalitet. Dei nye utsleppsleidningane skal knytast til det framtidige reinseanlegget for avløp. Prosjektering i 2018 og byggast i 2019 i samband med det nye reinseanlegget. Det må på plass 1 x OV-leidning og 2 x SP – leidningar Dimensjonen må vere 315 eller 400. Leidningane må sveisast med lodd slik at dei ligg stabilt på botnen. Sjøvarmeanlegg bør vurderast i prosjekteringa.

I – 046 – Nytt inntaksarr. Hammarstøylvatnet 2017

Bygging av nytt inntaksarrangement i Hammarstøylvatnet. Dagens inntak er gammalt og av ukjent kvalitet. For å sikre seg mot langvarig utfall av vassforsyninga er det naudsynt å bygge nytt inntaksarrangement i dammen.

I – 114 – Nytt sikringsskap utelageret

Sikringsskapet på utelageret er fra 1970. Det er no modent for utskifting

I – 087 – Oppgr. Pumpestasjon. På Leira og Raffelneset

Dei to pumpestasjonane er dei to eldste i Hareid kommune og har svært store behov for oppgradering.

På Leira er det fleire gonger at kapasiteten er sprengt. Det er fleire anlegg som er knytt på etter at den vart bygd som har ført til kapasitetsproblema.

På Raffelneset er det meininga at reguleringsplan Plassane skal knytast på denne stasjonen. Det same med framtidig industri på Raffelneset.

Ingen av stasjonane er knyta til driftsovervåkingssystemet og må sjekkast manuelt. Det er også store kostnadar knytt til stadig reperasjon av begge stasjonane.

I – 049 – Rehabilitering av betongkai 2017

Rehabilitering av kommunal betongkai. Prosjekterast i 2018 og byggast i 2019. Kaia må rehabiliterast dersom den skal kunne nyttast som transportkai.

I – 050 – Separering avløp – Midtre Reina

Separering av avløp midtre reina. Avløpet går i dag inn på eldre fellesleidningar av betong som må skiftast ut for å unngå driftsproblem og tilbakeslag.

I – 053 – Vatn Bjåstad – Røyset vedteke 2017

Med bakgrunn i innbyggjarinitiativ om framføring av kommunalt vatn til Røyset har kommunestyret i sak 73/13 bedt administrasjonen utarbeide sak for politisk handsaming. Prosjektet var lagt inn i H-plan for 2013-2016 med ei investering i 2016 på kr. 1,5 mill. og i 2017 kr. 3,5 mill. Budsjett er justert etter kalkyle frå konsulent. Bygging i 2017-2018. I vedtak kommunestyre PS 34/18 vart det løyvd 7,6 millionar til veg.

I – 085 – Vatn på Nesset

Må forlenge vatn og avløp på Nesset. Dette vil medføre at vi får knytt på fleire abonnentar.

9.3.3 Kommentar til investeringstiltaka – Ordinære prosjekt

I – 109 - Belysning og himling på Hjørungavåg skule

Belysninga må skiftes raskt, då ein har hatt tilløp til brann i eks. belysning. Utskifting er gjort fleire gongar, men vi bør få skifte ut mest mulig for å fjerne brannfare og for å få energisparande belysning. Samtid bør vi få på plass systemhimling, så akustikken vert forbetra.

I – 078 – Bustadfelt Holstad – vedteke i 2017

Utarbeiding av felles utbyggingsavtale / Prosjektering / bygging av felles veg

I – 074 – Bustadfelt Pålhaugen 2

Prosjektering / bygging av veg

I – 075 - Bustadfelt Pålhaugen 3

Felles veg til Pålhaugen 2 og 3. Opprusting og gangveg. Kommunalteknikk som vegeigar sin andel. Føreset avtale om medfinansiering frå utbyggjar.

I – 104 – Bygging av 8 nye leilegheiter

Handlingsprogram 2018 - 2021

Kommunen leiger inn opptil 17 leilegheiter i den private marknaden, som kommunen vidareutleiger til gruppa som går under vanskelegstilte.

Ved å føre opp 8 nye leilegheiter for utleige, vil det gi leilegheiter som er tilpassa marknaden mhp. størrelse. I dag leiger kommunen inn for mange store og dyre leilegheiter. Husbanken har gode støtteordningar for oppføring av bustad for denne gruppa leigetakrarar.

Frå politisk hald er det kome ønske om at administrasjonen legg fram politisk sak om bygging av leilegheiter.

I – 023 – Bustadfelt Holstad – grunnkjøp

Grunnverv 2018

I – 070 – Ymse grunnkjøp

Tiltaket gjeld i hovudsak dekninga av kostnader med innløysing/kjøp av mindre areal/grensejusteringar i utbyggingssaker m.m.

I – 071 – Kyrkjegata grunnkjøp

Grunnkjøpt knytt til parkeringsplass, park og gangveg i tråd med vedteken reguleringsplan.

I – 090 – Bustadfelt Pålhaugen grunnkjøp

Innløysing av grunn på Pålhaugen. Ein føreset også inntekter i 2019 i form av sal av tomter og liknande

I – 111 – Fiber for alle

Det skal leggast fiber til områda utanfor sentrum. Ein må starte med å prosjektere for å kartlegge kva kostnaden vert.

I – 110 – Fiberkabel Bjåstad – Røyset

Det må leggast fiber i grøfta Bjåstad – Røyset.

I – 097 – Gatelys – bytte ut armatur

Det er mange gamle armatur i Hareid kommune. dei trekk meir straum en nye moderne armatur og det er store summar i vedlikehald. Omfanget av heile utskiftinga er på 4-5 millionar. Ein tar sikta på å bytte litt kvart år.

I – 099 – Gjerdeelva, førebygging

Eigenandel NVE, 20%.

I – 115 – Gjerdeelva, sikring av overvatn

I samband med NVE skal deler av Gjerdeelva førebyggast må Hareid kommune gjere ein del eigeninnsats i tillegg.

I – 014 – Hareid kyrkje, nytt golv/varmesystem

Nytt golv og varmeanlegg: Det er eit sterkt ønske og behov for å utbetre fleire forhold i kyrkja. Det har tidlegare vore søkt biskop om å få skifte ut golv og varmeanlegg. Etter som kyrkja er listeførd som verneverdig har Riksantikvaren uttalerett i saka. Søknaden vart i 2009 til slutt avslått. Etter nye positive signal frå biskopen 2011 blei ny søknad sendt juni 2014, og vi fekk igjen negativt svar frå riksantikvaren i januar 2015. Våren 2015 kom vi derimot eit langt nærmare ettersom dialog med konsulent i KA, Harald Ringstad, vart oppretta. Ringstad har lang erfaring frå liknande prosjekt i andre kyrkjer rundt om i Norge og har eit godt samarbeid med Riksantikvaren. Vidare prosess verkar lovande, og gitt finansiell dekning tar vi sikte på prosjektering i 2018 og fullføring i 2019. Eit slikt prosjekt vil kunne ha rett på stønad frå Rentekompensasjonsordningen ettersom prosjektet faller inn under riktige kategoriar, og vil være sannsynlig å bli prioritert ettersom Hareid kyrkje er listeført som verneverdig. Det er også andre ordningar å hente stønad frå. Det ligg føre prosjektskisse med kostnadsoverslag.

I – 136 – Helsehus for legesenter / helsestasjon

Handlingsprogram 2018 - 2021

Minimumsprosjekt basert på tidlegare planløysing kostnadsberekna til 40 mill. kr, her med eit påslag på 10 mill. kr.

I – 066 – Industriområde Risneset

Prosjektering / bygging av felles veg.

I – 077 – Kjøpmannsgata

Bygging av miljøgate - Trinn 1.

I – 027 – Øvstevegen i Brandal

I samband med at Statens Vegvesen skal bygge ut og rehabilitera bru ved Ishavsmuseet må det nyttast ein omkjøringsveg. Einaste alternativet er via Øvstevegen. Brua i Øvstevegen er øydelagd og det vil ikkje vere mogleg å nytte denne til omkjøringsveg utan at den vert reparert.

I – 069 – Flyfotografering i 2020

Geovekst avtale. Flyfoto.

I – 133 – Nye vinduer på sjukeheimen

På rehab. på sjukeheimen er der ein del vindu som er forholdsvis gamle, og må derfor skiftes ut/ erstattast med nye

I – 123 – Ombygging av 4. etasje – sjukeheimen

Sjukeheimen har behov for å samle all administrasjon i 4. og 5. etasje på sjukeheimen. Derfor trengs det middel for å bygge om 4. etg. til kontor.

I – 055 – Opprusting av Røysetvegen

PS 34/17 var det vedteke ei investeringsramme på 7,6 millionar til opprusting av vegen i samband med prosjekt om framføring av vatn og avløp.

I – 048 – Parken Åsendalen 2017

Fullstendig opprusting av parken etter eigen utarbeidd prosjektplan.
Legger opp til delfinansiering via spelemidlar. Dette er tatt høgde for i budsjettet. Det er også forventa noko privat finansiering, noko som ikkje er tatt høgde for i budsjettet.

I – 081 – Rundkjøring Holstad 2017

Prosjektering og bygging av tilkomstveg - Kommunal del. Statleg og privat medfinansiering av heile tiltaket.

I – 116 – Skredvoll Brandal

Det er utarbeida ein skredrapport som visar at det er naudsynt å bygge ein skredvoll i Brandal. Ein må i første omgang prosjektere denne.

I – 102 – Vindu og fasadar Rådhuset

Ytterveggane på rådhuset inneheld asbest. Derfor bør veggane renoverast snarast muleg, samt at vindu og dører isolerer dårlig. Mange vindu har mykje luftlekkasje pga. at ramtre og karmane vrir seg.

Prosjektet omfattar endring av varmekilde.

Avgjerande å sjå dette i samanheng med pågående oppussingsprosjekt, for å spare seinare kostnadar.

Det vert søkt refusjon frå Enova, men det er ikkje budsjettert med dette då beløpet er ukjend.

9.4 Overordna målsettingar

9.4.1 Hovudmål

- Vere ein sektor som legg til rette for bustad og næringsutvikling
- Vere ein medspelar saman med næringslivet
- Vere ein ressurs intern i høve overordna planar
- Yte gode tenester med dei resursane vi rår over
- Bygge ut ein god infrastruktur
- Sikre god og trygg vassforsyning
- Gjennomføre tiltak i samsvar med godkjend hovudplan for avløp.
- Yte godt vedlikehald av dei kommunale vegane innanfor vedtekne økonomiske rammer
- Eininga skal sjå til at Hareid hamn vert forsvarleg drifta
- Forvalte kommunen sine eigedommar på ein forsvarleg måte, og syte for at bygningsmassen til kommunen har ein best mulig standard, innanfor disponible økonomiske rammer
- Ha fokus på at dei kommunale bygningane er trygge og forsvarlege for brukarane, og at bygningane får eit godt vedlikehald

9.4.2 Utviklingsmål

- Legge til rette for bustadfeltet Holstad
- Legge til rette for bustadfelt Pålhaugen
- Legg til rette for næringsutvikling på Risneset
- Legge til rette for næringsutvikling på Raffelneset
- Legge til rette for næringsutvikling på Hareidsmyrane
- Vere ein ressurs for kommunen både intern og eksternt.
- Ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel i 2018
- Redusere sakshandsamingstida på byggesak monaleg.
- Fokus på lov om offentlege anskaffingar
- Kommunale avløpsanlegg skal planleggast, byggast og driftast med fagkunnskap
- Revidere trafikktryggingsplan og gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsprogram
- Kvalitetssikring av vassforsyning
- Revidere vatn og avløpsplan i perioden 2018
- Gjennomføre tiltak i samsvar med overordna miljøkrav
- Gjennomføre krav til internkontrollsysteem for vatn og avløp, samt Ros-analyse
- Utarbeide plan og handlingsprogram for vegvedlikehald
- Utarbeide plan og handlingsprogram for park- og grønt-vedlikehald
- Ha gode rutiner for ettersyn/ vedlikehald og rapportering
- Ha eit laupande vedlikehald, reinhalldsrutinar og kontinuerlig oppsyn med utleigeobjekt
- Utarbeide ein 4-årsplan for bygningsmassen for vedlikehald
- Ha fokus på tiltak som kan gi reduserte energikostnader
- Ansvar for at vedlikehaldsarbeid som treng investeringsmidlar vert rapportert inn til rådmann / kommunestyre via kommunalsjef



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf. +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no